# KONTROLLUTVALET I AUKRA KOMMUNE

Aukra, 2. mai 2018

Til medlemmene i kontrollutvalet

## MØTEINNKALLING

**MØTE NR.: 3/18**
**TID: 8.5.2018 kl. 08:30 NB! merk tidspunkt**
**STED: Kommunestyresalen, Aukra kommunehus**

**SAKSLISTE:**

| UTV. SAKSNR. | TITTEL |
|---|---|
| PS 13/18 | GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 15. MARS 2018 |
| PS 14/18 | REFERAT OG ORIENTERINGAR |
| PS 15/18 | REKNESKAPSREVISJON. PRESENTASJON ÅRSOPPGJER 2017 |
| PS 16/18 | AUKRA KOMMUNE. ÅRSREKNESKAP FOR 2017 |
| PS 17/18 | OPPFØLGINGSLISTE |

Dersom det er saker kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i seinare møte, kan dette gjerast under **Eventuelt**.

Eventuelle forfall vert melde på tlf. 71 11 15 79, evt. mobil 91 37 11 12.
E-post: jane.anita.aspen@molde.kommune.no

Innkallinga går som melding til varamedlem som vert innkalla etter behov.

Oddvar Hoksnes (s)
leiar

Jane Anita Aspen (s)
daglig leder

**Kopi:**
Ordførar
Rådmann
Møre og Romsdal Revisjon IKS

**AUKRA KOMMUNE**
**Kontrollutvalet**

| | |
|---|---|
| Saksmappe: | 2018-1547/03 |
| Arkiv: | 033 &17 |
| Saksbehandlar: | Jane Anita Aspen |
| Dato: | 23.4.2018 |

# Saksframlegg

| Utvalssaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| PS 13/18 | Kontrollutvalet | 8.5.2018 |

## GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 15. MARS 2018

### Sekretariatet si tilråding

Protokollen frå møte 15. mars 2018 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1. ......................
2. ......................

### Bakgrunn for saka

Vedlagt følgjer protokollen frå førre møte. Protokollen er tidligare utsendt. Det er ikkje kome merknader til protokollen.
Protokollen frå førre møte vert formelt godkjent i dette møte, samtidig som det vert valt to medlemmer til å signere protokollen.

Jane Anita Aspen
daglig leder

# KONTROLLUTVALET I AUKRA KOMMUNE

# MØTEPROTOKOLL

| | |
|---|---|
| Møte nr: | 2/18 |
| Møtedato: | 15.3.2018 |
| Tid: | Kl. 09.30 – kl. 13.40 |
| Møtestad: | Møterom 2. etg, Aukra kommunehus |
| Sak nr: | 08/18 – 12/18 |
| Møteleiar: | Oddvar Hoksnes (Krf) |
| Møtande medlemmer: | Ole Rakvåg, nestleiar (H)<br>Oddbjørg Sporsheim (V)<br>Håkon Inge Sporsheim (Frp)<br>Wilhelm Andersen (Ap) |
| Forfall: | Ingen |
| Møtande vara: | Ingen |
| Ikkje møtt: | Ingen |
| Frå sekretariatet: | Jane Anita Aspen, daglig leder |
| Frå revisjonen: | Lillian Reder Kristoffersen, forvaltningsrevisor (under sak 10/18) |
| Av øvrige møtte: | Bernhard Riksfjord, ordførar (under sak 10/18)<br>Ingrid Husøy Rimstad, rådmann (under sak 10/18)<br>Erna Varhaugvik, økonomisjef (under sak 10/18)<br>Gerd Nerbø, einingsleiar tekniske tenester (under sak 10/18)<br>Jan Erik Hovdenak, kommunalsjef drift og forvaltning (under sak 10/18)<br>Jon Gjelberg, prosjektleiar tekniske tenester (under sak 10/18)<br>Fredrik Rønstad, økonomikonsulent (under sak 10/18) |

**Protokollen vert formelt godkjent i neste møte**

Utvalsleiar Oddvar Hoksnes ønska velkommen og leia møtet.

Det vart framsett følgjande forslag om endring i rekkefølgje på behandling saker: Sak 10/18 vert behandla først i møte.

Det framkom følgjande merknader til innkallinga frå Oddbjørg Sporsheim: Det er ønskeleg å få trykt opp forvaltningsrevisjonsrapportar på papir.

Innkalling og sakliste vart godkjent med merknad og denne endringa.

## TIL HANDSAMING:

| UTV. SAKSNR. | TITTEL |
|---|---|
| PS 08/18 | GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 15. FEBRUAR 2018 |
| PS 09/18 | REFERAT OG ORIENTERINGAR |
| PS 10/18 | FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT «OFFENTLIGE ANSKAFFLSER I AUKRA KOMMUNE» |
| PS 11/18 | OPPFØLGINGSLISTE |
| PS 12/18 | EVENTUELT |

| PS 08/18 | GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 15. FEBRUAR 2018 |
|---|---|

**Kontrollutvalet sitt vedtak**

Protokollen frå møte 15. februar 2018 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:
1. Håkon Inge Sporsheim
2. Ole Rakvåg

**Kontrollutvalet si handsaming**

Håkon Inge Sporsheim og Ole Rakvåg vert peika ut til å underskrive protokollen.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles tilråding frå utvalet sine medlemmer (5 voterande)

**Sekretariatet si tilråding**

Protokollen frå møte 15. februar 2018 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:
1. ......................
2. ......................

| PS 09/18 | REFERAT OG ORIENTERINGAR |
|---|---|

**Kontrollutvalet sitt vedtak**

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

**Kontrollutvalet si handsaming**

**Referatsaker:**

RS 08/18 **Årsrapport for 2017 – Skatteoppkreveren i Aukra kommune.**

RS 09/18 **Kontrollrapport 2017 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Aukra kommune** – brev frå Skatteetaten, Skatt Midt-Norge, datert 15.2.2018.

RS 10/18 **Arbeidsmiljøutvalet**, møteinnkalling 21.2.2018.
Nokre vedlegg vert utdelt i møte etter vurdering av offentlegheit.

RS 11/18 **Aukra kommune si finansforvaltning**, Notat datert 2.3.2018 frå økonomisjefen, referatsak til formannskapet sitt møte 5.3.2018 og kommunestyre 13.3.2018.

**Orienteringssaker:**

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

| PS 10/18 | FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT «OFFENTLIGE ANSKAFFELSER I AUKRA KOMMUNE» |
|---|---|

**Kontrollutvalet si tilråding**

1. Aukra kommunestyre tar forvaltningsrevisjonsrapporten **Aukra kommune – Offentlige anskaffelser** til vitande og sluttar seg til følgjande tilrådingar:

   **Tiltak for etterleving av regelverket**
   - Aukra kommune bør sikre at alle tilsette med bestillarfunksjon får skriftleg fullmakt med beløpsgrense.
   - Aukra kommune bør sikre at tilsett med bestillarfunksjon får naudsynt opplæring i regelverket om offentlege anskaffingar. Den opplæring som vert gitt bør dokumenterast.
   - Aukra kommune bør sikre at alle innkjøp/anskaffingar blir kontrollert.

   **Anskaffingar etter regelverket**
   - Kommunen bør sikre at alle anskaffingar inntil 100 000 også blir gjort med konkurranse ved at det blir henta inn tilbod frå fleire tilbydarar.
   - Kommunen sitt innkjøpsreglement bør oppdaterast i forhold til beskriving av EØS sine terskelverdiar og det nye regelverket frå 1.1.2017.
   - Aukra kommune bør dokumentere anskaffingsprosessane og utarbeide protokoll der det er krav om dette etter regelverket.
   - Kommunen bør følgje opp sine reglar om saksdokumentasjon knytt til ei kvar anskaffing under alle fasar av anskaffinga, skal oppbevarast samla, systematisk ordna i eit tenleg arkivsystem.
   - Kommunen bør sikre at det blir tatt omsyn til miljømessige konsekvensar under planlegging av kvar enkelt anskaffing

   **Bruk av rammeavtalar**
   - Kommunen bør sikre at alle tilsette med bestillarfunksjon veit kvar dei kan finne rammeavtalar og at dei blir oppmoda til å bruke desse ved bestilling av forbruksmateriell.
   - Aukra kommune bør styrke opplæringa i e-handel og oppmode dei som bestiller til å bruke e-handel ved innkjøp av forbruksvarer.

   **Organisering av området**
   - Aukra kommune bør vurdere om organisering av innkjøpsområdet er tenleg, under dette tal på personar med bestillarfunksjon.

2. Kommunestyret ber rådmannen om å syte for at tilrådingane blir følgt og påsjå at arbeidet vert gjennomført.

3. Kommunestyret ber rådmannen om å gje kontrollutvalet ein skriftleg plan for oppfølging av tilrådingane, slik at planen kan behandlast i kontrollutvalet sitt møte 14. juni 2018.

**Kontrollutvalet si handsaming**

Innleiingsvis presenterte forvaltningsrevisor Lillian Reder Kristoffersen metode for gjennomføring av prosjektet, prosess, funn og tilrådingar.

Revisor og administrasjonen svarte på spørsmål frå utvalet undervegs i presentasjonen.

Rådmann Ingrid Husøy Rimstad seier at dei vil følgje nøye opp tilrådingane, noko av arbeidet er allereie starta. Rimstad seier at ho opplever at forvaltningsrevisjonsrapportar er gode arbeidsverktøy for administrasjonen.

Kommunen har ei organisering av innkjøpsområdet der 46 personer har bestillerfunksjon og der økonomisjefen som har mange andre nøkkelfunksjonar også har ansvar for innkjøpsområdet. Det kan hende at organiseringa er føremålstenleg og naudsynt. Utvalet vil likevel tilrå ein refleksjon knytt til om organiseringa med å spreie bestillerfunksjonen på så mange, er tenleg. Det kan synast krevjande å lære opp og følgje opp så mange som skal forvalte eit komplisert regelverk.

Det vert difor framsett forslag om å føre opp følgjande tilråding i tillegg til dei som revisor har:

**Organisering av området**

- Aukra kommune bør vurdere om organisering av innkjøpsområdet er tenleg, under dette tal på personar med bestillarfunksjon.

Utvalet framset forslag om å legg inn overskrifter knytt til tilrådingane, slik at ein viser kva for problemstillingar tilrådingane dei knyter seg til. Pkt. 1 i innstillinga vert då endra slik:

1. Aukra kommunestyre tar forvaltningsrevisjonsrapporten **Aukra kommune – Offentlige anskaffelser** til vitande og sluttar seg til følgjande tilrådingar:

**Tiltak for etterleving av regelverket**

- Aukra kommune bør sikre at alle tilsette med bestillarfunksjon får skriftleg fullmakt med beløpsgrense.
- Aukra kommune bør sikre at tilsett med bestillarfunksjon får naudsynt opplæring i regelverket om offentlege anskaffingar. Den opplæring som vert gitt bør dokumenterast.
- Aukra kommune bør sikre at alle innkjøp/anskaffingar blir kontrollert.

**Anskaffingar etter regelverket**

- Kommunen bør sikre at alle anskaffingar inntil 100 000 også blir gjort med konkurranse ved at det blir henta inn tilbod frå fleire tilbydarar.
- Kommunen sitt innkjøpsreglement bør oppdaterast i forhold til beskriving av EØS sine terskelverdiar og det nye regelverket frå 1.1.2017.
- Aukra kommune bør dokumentere anskaffingsprosessane og utarbeide protokoll der det er krav om dette etter regelverket.
- Kommunen bør følgje opp sine reglar om saksdokumentasjon knytt til ei kvar anskaffing under alle fasar av anskaffinga, skal oppbevarast samla, systematisk ordna i eit tenleg arkivsystem.
- Kommunen bør sikre at det blir tatt omsyn til miljømessige konsekvensar under planlegging av kvar enkelt anskaffing

**Bruk av rammeavtalar**

- Kommunen bør sikre at alle tilsette med bestillarfunksjon veit kvar dei kan finne rammeavtalar og at dei blir oppmoda til å bruke desse ved bestilling av forbruksmateriell.
- Aukra kommune bør styrke opplæringa i e-handel og oppmode dei som bestiller til å bruke e-handel ved innkjøp av forbruksvarer.

**Organisering av området**

- Aukra kommune bør vurdere om organisering av innkjøpsområdet er tenleg, under dette tal på personar med bestillarfunksjon.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer (5 voterande)

**Sekretariatet si tilråding**

1. Aukra kommunestyre tar forvaltningsrevisjonsrapporten **Aukra kommune – Offentlige anskaffelser** til vitande og sluttar seg til følgjande tilrådingar:
    - Aukra kommune bør sikre at alle tilsette med bestillarfunksjon får skriftleg fullmakt med beløpsgrense.
    - Aukra kommune bør sikre at tilsett med bestillarfunksjon får naudsynt opplæring i regelverket om offentlege anskaffingar. Den opplæring som vert gitt bør dokumenterast.
    - Aukra kommune bør sikre at alle innkjøp/anskaffingar blir kontrollert.
    - Kommunen bør sikre at alle anskaffingar inntil 100 000 også blir gjort med konkurranse ved at det blir henta inn tilbod frå fleire tilbydarar.
    - Kommunen sitt innkjøpsreglement bør oppdaterast i forhold til beskriving av EØS sine terskelverdiar og det nye regelverket frå 1.1.2017.
    - Aukra kommune bør dokumentere anskaffingsprosessane og utarbeide protokoll der det er krav om dette etter regelverket.
    - Kommunen bør følgje opp sine reglar om saksdokumentasjon knytt til ei kvar anskaffing under alle fasar av anskaffinga, skal oppbevarast samla, systematisk ordna i eit tenleg arkivsystem.
    - Kommunen bør sikre at det blir tatt omsyn til miljømessige konsekvensar under planlegging av kvar enkelt anskaffing
    - Kommunen bør sikre at alle tilsette med bestillarfunksjon veit kvar dei kan finne rammeavtalar og at dei blir oppmoda til å bruke desse ved bestilling av forbruksmateriell.
    - Aukra kommune bør styrke opplæringa i e-handel og oppmode dei som bestiller til å bruke e-handel ved innkjøp av forbruksvarer.

2. Kommunestyret ber rådmannen om å syte for at tilrådingane blir følgt og påsjå at arbeidet vert gjennomført.

3. Kommunestyret ber rådmannen om å gje kontrollutvalet ein skriftleg plan for oppfølging av tilrådingane, slik at planen kan behandlast i kontrollutvalet sitt møte 14. juni 2018.

| PS 11/18 | OPPFØLGINGSLISTE |
|---|---|

**Kontrollutvalet sitt vedtak**

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

**Oppfølging av politiske vedtak**
Kontrollutvalet ønskjer å få framlagt oversikt over politiske vedtak som av ulike årsaker ikkje er vorte satt i verk innan rimeleg tid. Oversikta skal gjere greie for vedtak fatta av politiske utval med avgjerdsmynde. Hensikta med å få ei slik oppstilling er å sjå til at administrasjonen sett i verk og gjennomfører vedtak som er gjort. Kontrollutvalet har oppmoda om at ei slik oversikt vert lagt inn i tertialrapporteringa til kommunestyret, rådmannen har valt å ikkje følgje opp denne oppmodinga.
**15.03.18**: Utvalet ønskjer i møte 3.5.18 svar frå rådmannen om korleis saka om skogrydding vert følgt opp. Det er også ønskjeleg at skogbruksfagleg kompetanse er tilstades i møte for å orientere og svare på spørsmål.

**Kontrollutvalet si handsaming**

Utvalet gjekk i gjennom dei sakene som var lista opp i saksframlegget.

I dette møtet var det ikkje lagt opp til orienteringar frå administrasjonen knytt til oppfølgingslista. Det vart ikkje framsett forslag om å føre nye saker til oppfølgingslista.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer (5 voterande)

**Sekretariatet si tilråding**

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

| PS 12/18 | EVENTUELT |
|---|---|

**Kontrollutvalet sitt arbeid**
Kontrollutvalet diskuterte om dei har rett «fokus» i arbeidet. Klarer ein å fange opp dei viktige sakene? Korleis klarer ein å kome på forskot, og ikkje først kome inn når noko har gått gale? Utvalet ønskjer å vere gode bidragsytarar til å sikre gode tenester for innbyggjarane i Aukra kommune.

**Referat fra NKRF sin kontrollutvalgskonferanse**
Deltakarane gav utvalet fyldig referat frå konferansen (utsett frå førre møte).

**Fagkonferanse og årsmøte Forum for kontroll og tilsyn (FKT)**
FKT, der Aukra kommune er medlem, arrangerer fagkonferanse og årsmøte på Gardermoen 29.-30.5.2018.

<u>Konklusjon</u>
Utvalet ønskjer at Ole Rakvåg og Håkon Inge Sporsheim deltar på konferansen.
Dersom nokon må melde forfall, så får 1. Jørgen Svenheim og 2. Oddvar Hoksnes tilbod om å delta.

**Startidspunkt for kontrollutvalsmøte 3.5.2018**
Sekretær tok opp ønskje om at møte 3.5.2018 vert avslutta til kl. 1330.

<u>Konklusjon</u>
Utvalet ber om at starttidspunkt for møte 3.5.2018 vert sett til kl. 0830

Oddvar Hoksnes
leiar

Ole Rakvåg
nestleiar

Oddbjørg Sporsheim
medlem

Håkon Inge Sporsheim
medlem

Wilhelm Andersen
medlem

Jane Anita Aspen
sekretær

**AUKRA KOMMUNE**
**Kontrollutvalet**

| | |
|---|---|
| Saksmappe: | 2018-1547/03 |
| Arkiv: | 033 & 17 |
| Saksbehandlar: | Jane Anita Aspen |
| Dato: | 2.5.2018 |

## Saksframlegg

| Utvalssaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| PS 14/18 | Kontrollutvalet | 8.5.2018 |

## REFERAT OG ORIENTERINGAR

**Sekretariatet si tilråding**

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

**Bakgrunn for saka**

**Referatsaker:**

RS 12/18 **Kontrollutvalet – Årsmelding for 2017** – utskrift av protokoll frå kommunestyret sitt møte 13.3.2018 i k-sak 9/18 (vedlagt)

RS 13/18 **Forvaltningsrevisjonsrapport «Offentlege anskaffelser i Aukra kommune»** – utskrift av protokoll frå kommunestyret sitt møte 17.4.2018 i k-sak 29/18 (vedlagt)

RS 14/18 **Arbeidsmiljøutvalet**, møteinnkalling 25.4.2018 (vedlagt) vedlegg til sak 17/18 følgjer som u-trykt vedlegg.

RS 15/18 **Rapportering finansforvaltning pr. 31.12.2017** – rådmannen sitt saksframlegg til kommunestyret 17.4.2018, sak 28/18 (vedlagt)

**Orienteringssaker:**

OS 04/18 **Skogrydding - Oppfølging av kommunestyrevedtak frå 2013**
Utvalet har bedt rådmannen orientere om korleis saka om skogrydding vert følgt opp. Fagleiar Plan, Kjell Lode, vil orientere utvalet.

OS 05/18 **Molde og Romsdal Havn IKS** – Utvalet har bedt om ei orientering frå administrativ leiing i selskapet. Dei som vil orientere er Olav Akselvoll, havnedirektør og Dagrun K. Stakvik, økonomileder.
Det er sett opp følgjande stikkord for orienteringa:
- Generell informasjon om verksemda til selskapet
- Økonomien i selskapet
- Informasjon om forhold som særskilt er knytt til Aukra kommune.

Jane Anita Aspen
daglig leder

| | Aukra kommune | Arkivsak: 2016/247-39<br>Arkiv: 216<br>Saksbeh: Anita Raknes Otterlei<br>Dato: 27.02.2018 |
|---|---|---|

**Saksframlegg**

| Utv.saksnr.: | Utval: | Møtedato: |
|---|---|---|
| 04/18 | Kontrollutvalet | 15.02.18 |
| 9/18 | Kommunestyret | 13.03.2018 |


Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal
Kommunenr: 1547
Dato: 14 MAR 2018
Saks og ...: 1547 109/18
Arkivkode: 033 & 14


## Kontrollutvalet - Årsmelding for 2017

### Kotrollutvalet si tilråding:

Kontrollutvalet si årsmelding for 2017 vert teken til vitande

### Saksprotokoll i Kommunestyret - 13.03.2018

### Behandling

Tilrådinga frå kontrollutvalet vart samrøystes vedtatt

### Vedtak

Kontrollutvalet si årsmelding for 2017 vart tatt til vitande

### Vedlegg

1 Sak 4/18 i Kontrollutvalet
2 Kontrollutvalet - Årsmelding for 2017
3 Kontrollutvalet - Handsama saker i 2017

**Særutskrift:** Kontrollutvalet v/Jane Anita Aspen

### Bakgrunn:

Kontrollutvalet handsama i møte den 15.02.18, sak 4/18, årsmeldinga for 2017.

Det er kontrollutvalet som legg fram denne saka direkte til kommunestyret, og kontrollutvalets saksframlegg med tilråding til kommunestyret følgjer som vedlegg.

Rett utskrift 14.03.18

Anita Raknes Otterlei
Formannskapssekr.

Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal
Kommunenr: 1547
Dato: 20 APR 2018
Saks og Løpenr: 1547 168/18
Arkivkode: 216
Gradering:

# Aukra kommune

| | |
|---|---|
| Arkivsak: | 2017/979-4 |
| Arkiv: | 601 |
| Saksbeh: | Anita Raknes Otterlei |
| Dato: | 23.03.2018 |

**Saksframlegg**

| Utv.saksnr.: | Utval: | Møtedato: |
|---|---|---|
| PS 10/18 | Kontrollutvalet | 15.3.2018 |
| 29/18 | Kommunestyret | 17.04.2018 |

## Forvaltningsrevisjonsrapport "offentlege anskaffelser i Aukra kommune"

### Kontrolluvalet si tilråding:

1. Aukra kommunestyre tar forvaltningsrevisjonsrapporten **Aukra kommune – Offentlige anskaffelser** til vitande og sluttar seg til følgjande tilrådingar:

**Tiltak for etterleving av regelverket**

- Aukra kommune bør sikre at alle tilsette med bestillarfunksjon får skriftleg fullmakt med beløpsgrense.
- Aukra kommune bør sikre at tilsett med bestillarfunksjon får naudsynt opplæring i regelverket om offentlege anskaffingar. Den opplæring som vert gitt bør dokumenterast.
- Aukra kommune bør sikre at alle innkjøp/anskaffingar blir kontrollert.

**Anskaffingar etter regelverket**

- Kommunen bør sikre at alle anskaffingar inntil 100 000 også blir gjort med konkurranse ved at det blir henta inn tilbod frå fleire tilbydarar.
- Kommunen sitt innkjøpsreglement bør oppdaterast i forhold til beskriving av EØS sine terskelverdiar og det nye regelverket frå 1.1.2017.
- Aukra kommune bør dokumentere anskaffingsprosessane og utarbeide protokoll der det er krav om dette etter regelverket.
- Kommunen bør følgje opp sine reglar om saksdokumentasjon knytt til ei kvar anskaffing under alle fasar av anskaffinga, skal oppbevarast samla, systematisk ordna i eit tenleg arkivsystem.
- Kommunen bør sikre at det blir tatt omsyn til miljømessige konsekvensar under planlegging av kvar enkelt anskaffing

**Bruk av rammeavtalar**

- Kommunen bør sikre at alle tilsette med bestillarfunksjon veit kvar dei kan finne rammeavtalar og at dei blir oppmoda til å bruke desse ved bestilling av forbruksmateriell.
- Aukra kommune bør styrke opplæringa i e-handel og oppmode dei som bestiller til å bruke e-handel ved innkjøp av forbruksvarer.

**Organisering av området**

- Aukra kommune bør vurdere om organisering av innkjøpsområdet er tenleg, under dette tal på personar med bestillarfunksjon.

2. Kommunestyret ber rådmannen om å syte for at tilrådingane blir følgt og påsjå at arbeidet vert gjennomført.

3. Kommunestyret ber rådmannen om å gje kontrollutvalet ein skriftleg plan for oppfølging av tilrådingane, slik at planen kan behandlast i kontrollutvalet sitt møte 14. juni 2018.

**Saksprotokoll i Kommunestyret - 17.04.2018**

**Behandling**

Lillian Reder Kristoffersen frå Møre og Romsdal Revisjon IKS, orienterte

**Katrine Rindarøy (AP)** sette fram følgjande forslag:
Aukra kommunestyre ber om at retningsliner og regelverk mot sosial dumping i byggeprosjekt, vert oppretta jfr. «Telemarksmodellen» som er utarbeidd av Telemark fylkeskommune

Tilrådinga frå Kontrollutvalet vart samrøystes vedtatt
Forslaget frå Katrine Rindarøy vart samrøystes vedtatt

**Vedtak**

1.Aukra kommunestyre tar forvaltningsrevisjonsrapporten **Aukra kommune – Offentlige anskaffelser** til vitande og sluttar seg til følgjande tilrådingar:

**Tiltak for etterleving av regelverket**

- Aukra kommune bør sikre at alle tilsette med bestillarfunksjon får skriftleg fullmakt med beløpsgrense.
- Aukra kommune bør sikre at tilsett med bestillarfunksjon får naudsynt opplæring i regelverket om offentlege anskaffingar. Den opplæring som vert gitt bør dokumenterast.
- Aukra kommune bør sikre at alle innkjøp/anskaffingar blir kontrollert.
- Aukra kommunestyre ber om at forslaget frå Katrine Rindarøy vert innarbeidd i retningslinjer og regelverk mot sosial dumping i byggeprosjekt, jamfør «Telemarksmodellen» som er utarbeid av Telemark fylkeskommune

**Anskaffingar etter regelverket**

- Kommunen bør sikre at alle anskaffingar inntil 100 000 også blir gjort med konkurranse ved at det blir henta inn tilbod frå fleire tilbydarar.
- Kommunen sitt innkjøpsreglement bør oppdaterast i forhold til beskriving av EØS sine terskelverdiar og det nye regelverket frå 1.1.2017.
- Aukra kommune bør dokumentere anskaffingsprosessane og utarbeide protokoll der det er krav om dette etter regelverket.

- Kommunen bør følgje opp sine reglar om saksdokumentasjon knytt til ei kvar anskaffing under alle fasar av anskaffinga, skal oppbevarast samla, systematisk ordna i eit tenleg arkivsystem.
- Kommunen bør sikre at det blir tatt omsyn til miljømessige konsekvensar under planlegging av kvar enkelt anskaffing

**Bruk av rammeavtalar**

- Kommunen bør sikre at alle tilsette med bestillarfunksjon veit kvar dei kan finne rammeavtalar og at dei blir oppmoda til å bruke desse ved bestilling av forbruksmateriell.
- Aukra kommune bør styrke opplæringa i e-handel og oppmode dei som bestiller til å bruke e-handel ved innkjøp av forbruksvarer.

**Organisering av området**

- Aukra kommune bør vurdere om organisering av innkjøpsområdet er tenleg, under dette tal på personar med bestillarfunksjon.

2.Kommunestyret ber rådmannen om å syte for at tilrådingane blir følgt og påsjå at arbeidet vert gjennomført.

3.Kommunestyret ber rådmannen om å gje kontrollutvalet ein skriftleg plan for oppfølging av tilrådingane, slik at planen kan behandlast i kontrollutvalet sitt møte 14. juni 2018.

**Kontrollutvalet si handsaming - 15.3.2018**

Innleiingsvis presenterte forvaltningsrevisor Lillian Reder Kristoffersen metode for gjennomføring av prosjektet, prosess, funn og tilrådingar.

Revisor og administrasjonen svarte på spørsmål frå utvalet undervegs i presentasjonen.

Rådmann Ingrid Husøy Rimstad seier at dei vil følgje nøye opp tilrådingane, noko av arbeidet er allereie starta. Rimstad seier at ho opplever at forvaltningsrevisjonsrapportar er gode arbeidsverktøy for administrasjonen.

Kommunen har ei organisering av innkjøpsområdet der 46 personer har bestillerfunksjon og der økonomisjefen som har mange andre nøkkelfunksjonar også har ansvar for innkjøpsområdet. Det kan hende at organiseringa er føremålstenleg og naudsynt. Utvalet vil likevel tilrå ein refleksjon knytt til om organiseringa med å spreie bestillerfunksjonen på så mange, er tenleg. Det kan synast krevjande å lære opp og følgje opp så mange som skal forvalte eit komplisert regelverk.

Det vert difor framsett forslag om å føre opp følgjande tilråding i tillegg til dei som revisor har:

**Organisering av området**
Aukra kommune bør vurdere om organisering av innkjøpsområdet er tenleg, under dette tal på personar med bestillarfunksjon.

Utvalet framset forslag om å legg inn overskrifter knytt til tilrådingane, slik at ein viser kva for problemstillingar tilrådingane dei knyter seg til. Pkt. 1 i innstillinga vert då endra slik:
Aukra kommunestyre tar forvaltningsrevisjonsrapporten **Aukra kommune - Offentlige anskaffelser** til vitande og sluttar seg til følgjande tilrådingar:

**Tiltak for etterleving av regelverket**
Aukra kommune bør sikre at alle tilsette med bestillarfunksjon får skriftleg fullmakt med beløpsgrense.
Aukra kommune bør sikre at tilsett med bestillarfunksjon får naudsynt opplæring i regelverket om offentlege anskaffingar. Den opplæring som vert gitt bør dokumenterast.
Aukra kommune bør sikre at alle innkjøp/anskaffingar blir kontrollert.

**Anskaffingar etter regelverket**
Kommunen bør sikre at alle anskaffingar inntil 100 000 også blir gjort med konkurranse ved at det blir henta inn tilbod frå fleire tilbydarar.
Kommunen sitt innkjøpsreglement bør oppdaterast i forhold til beskriving av EØS sine terskelverdiar og det nye regelverket frå 1.1.2017.
Aukra kommune bør dokumentere anskaffingsprosessane og utarbeide protokoll der det er krav om dette etter regelverket.

- Kommunen bør følgje opp sine reglar om saksdokumentasjon knytt til ei kvar anskaffing under alle fasar av anskaffinga, skal oppbevarast samla, systematisk ordna i eit tenleg arkivsystem.
- Kommunen bør sikre at det blir tatt omsyn til miljømessige konsekvensar under planlegging av kvar enkelt anskaffing

**Bruk av rammeavtalar**

- Kommunen bør sikre at alle tilsette med bestillarfunksjon veit kvar dei kan finne rammeavtalar og at dei blir oppmoda til å bruke desse ved bestilling av forbruksmateriell.
- Aukra kommune bør styrke opplæringa i e-handel og oppmode dei som bestiller til å bruke e-handel ved innkjøp av forbruksvarer.

**Organisering av området**

- Aukra kommune bør vurdere om organisering av innkjøpsområdet er tenleg, under dette tal på personar med bestillarfunksjon.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer (5 voterande)

**Sekretariatet si tilråding**

1. Aukra kommunestyre tar forvaltningsrevisjonsrapporten **Aukra kommune - Offentlige anskaffelser** til vitande og sluttar seg til følgjande tilrådingar:
   - Aukra kommune bør sikre at alle tilsette med bestillarfunksjon får skriftleg fullmakt med beløpsgrense.
   - Aukra kommune bør sikre at tilsett med bestillarfunksjon får naudsynt opplæring i regelverket om offentlege anskaffingar. Den opplæring som vert gitt bør dokumenterast.
   - Aukra kommune bør sikre at alle innkjøp/anskaffingar blir kontrollert.
   - Kommunen bør sikre at alle anskaffingar inntil 100 000 også blir gjort med konkurranse ved at det blir henta inn tilbod frå fleire tilbydarar.
   - Kommunen sitt innkjøpsreglement bør oppdaterast i forhold til beskriving av EØS sine terskelverdiar og det nye regelverket frå 1.1.2017.
   - Aukra kommune bør dokumentere anskaffingsprosessane og utarbeide protokoll der det er krav om dette etter regelverket.

- Kommunen bør følgje opp sine reglar om saksdokumentasjon knytt til ei kvar anskaffing under alle fasar av anskaffinga, skal oppbevarast samla, systematisk ordna i eit tenleg arkivsystem.
- Kommunen bør sikre at det blir tatt omsyn til miljømessige konsekvensar under planlegging av kvar enkelt anskaffing
- Kommunen bør sikre at alle tilsette med bestillarfunksjon veit kvar dei kan finne rammeavtalar og at dei blir oppmoda til å bruke desse ved bestilling av forbruksmateriell.
- Aukra kommune bør styrke opplæringa i e-handel og oppmode dei som bestiller til å bruke e-handel ved innkjøp av forbruksvarer.

2. Kommunestyret ber rådmannen om å syte for at tilrådingane blir følgt og påsjå at arbeidet vert gjennomført.

3. Kommunestyret ber rådmannen om å gje kontrollutvalet ein skriftleg plan for oppfølging av tilrådingane, slik at planen kan behandlast i kontrollutvalet sitt møte 14. juni 2018.

**Vedlegg**

1 Oversendingsbrev frå Møre og Romsdal Revisjon IKS, datert 28.2.2018
2 Forvaltningsrevisjonsrapporten Aukra kommune – Offentlige anskaffelser
3 E-post datert 7.3.2018 frå Møre og Romsdal Revisjon IKS, med svar på spørsmål til forvaltningsrevisjonsrapporten.

**Særutskrift:** Kontrollutvalgsekretariatet for Romsdal
Leiar i kontrollutvalet Oddvar Hoksnes
Møre og Romsdal Revisjon IKS

**Bakgrunn:**

Kontrollutvalet sine oppgåver ved forvaltningsrevisjon følgjer av kommunelova § 77, nr. 4 og forskrift for kontrollutval, kap. 5.
Kontrollutvalet skal rapportere og legge fram gjennomførte forvaltningsrevisjonsrapportar og resultata av desse til kommunestyret, jf. kontrollutvalsforskrifta § 11.

Kontrollutvalet i Aukra vedtok i møte 14.6.2017, sak 20/17, å bestille ein forvaltningsrevisjon av **offentlege anskaffingar i Aukra kommune**. Prosjektet kjem inn under dei tema som er beskrive i Plan for forvaltningsrevisjon 2016 – 2019.

I følgje RSK 001, Standard for forvaltningsrevisjon, skal det i starten av eit forvaltningsrevisjonsprosjekt utarbeidast ein prosjektplan som skal danne grunnlag for gjennomføring av prosjektet. Prosjektplanen for dette prosjektet vart vedtatt av kontrollutvalet i møte 27.9.2017, sak 26/17.
Kontrollutvalet hadde ei grundig vurdering om revisor sin oppfatning av bestillinga var i tråd med det utvalet hadde ønske om å få belyst ved val og bestilling av prosjekt. Det går fram følgjande av protokollen frå møte:

Utvalet ser på grensesnittet mellom dei innkjøpa som kommunen gjer sjølv og dei rammeavtalane som ROR Innkjøp inngår, som eit risikoområde. Utvalet ønskjer difor at revisor også fangar opp dette grensesnittet i undersøkinga.

Det er også viktig å fange opp om det manglar rammeavtalar og om avtalar er utgått.

Utvalet føreslår også å endre problemstilling nr 3 slik

- Bruker Aukra kommune inngåtte rammeavtaler, herunder også avtaler inngått av ROR Innkjøp?

Vedlagt saken følgjer:

- Oversendingsbrev frå Møre og Romsdal Revisjon IKS, datert 28.2.2018
- Forvaltningsrevisjonsrapporten **Aukra kommune – Offentlige anskaffelser**

E-post datert 7.3.2018 frå Møre og Romsdal Revisjon IKS, med svar på spørsmål til forvaltningsrevisjonsrapporten

## Vurdering

Føremålet med prosjektet er å undersøke om Aukra kommune gjer innkjøp og offentlege anskaffingar i tråd med anskaffingsregelverket, samt å undersøke om kommunen har utarbeidd rutinar og retningsliner på området og om dei tilsette som skal gjere anskaffingar i kommunen har kompetanse på området.

Revisjonen sin rapport er laga på grunnlag av dokumentanalyse, intervju/samtalar, elektronisk spørjeundersøking, stikkprøvekontroll og deltakande observasjon.

Ei spørjeundersøking vart sendt ut til alle 46 tilsette med bestillarfunksjon i Aukra kommune, 29 respondentar svarte. Dette er etter NKRF sin standard akseptabelt. Vi kan sjølvsagt lure på korleis svara ville vore hos dei som ikkje har respondert. Er det ikkje svart fordi ein ikkje nyttar bestillerfunksjonen? Er det fordi ein ikkje har kunnskap om området? Eller er det tilfeldig? Ein skulle sjølvsagt ønska at alle hadde svart, då spørjeundersøkinga er et viktig grunnlag for rapporten. Revisjonen opplyser at det i utgangspunktet var enda færre som hadde svart, men at det vart sendt ut purring. Når kontrollutvalet på vegne av kommunestyret set i gang ein forvaltningsrevisjon på eit område, så er det avgjerande at administrasjonen bidrar til å belyse området ved å svare på slike spørjeundersøkingar. Sekretariatet vil oppmode revisjonen til for framtida å være enda tydelegare på dette i sin kommunikasjon med rådmennene.
Ut frå bestillinga frå kontrollutvalet har revisor laga følgjande problemstillingar:
Har Aukra kommune tiltak for å sikre innkjøp og etterleving av reglane om offentlege anskaffingar?
I kva grad blir varer og tenester anskaffa i samsvar med reglane om offentlege anskaffingar?
Brukar Aukra kommune inngåtte rammeavtalar?

Kontrollutvalet føreslo under handsaming av prosjektplanen å endre problemstilling nr. 3 til
Bruker Aukra kommune inngåtte rammeavtaler, herunder også avtaler inngått av ROR Innkjøp?

Sekretariatet har etter mottak av forvaltningsrevisjonsrapporten, sendt spørsmål til revisjonen om korleis innspela frå kontrollutvalet er følgt opp. Svaret frå revisjonen ligg vedlagt saksframlegget. Revisjonen vedgår at innspela kunne vore svart ut på ein tydelegare måte i rapporten.
I forvaltningsrevisjonsrapporten kjem det fram at Aukra kommune opplyser at dei nyttar rammeavtalar inngått av ROR Innkjøp. Kommunen har ikkje inngått eigne avtalar etter at dei vart med i innkjøpssamarbeidet i 2016.
I e-posten frå revisjonen står det at det ikkje er undersøkt om det er områder som manglar rammeavtalar, men informasjon om prosess med prioritering av kva rammeavtalar som kommunane ønskjer at vert inngått, viser at innspela frå Aukra i 2017 ikkje vart prioritert.
Revisjonen skriv også i tilbakemeldinga at oversikt over gjeldane rammeavtalar viser at to av avtalane er merka som utgått.

Sekretariatet stiller spørsmål om kva kommunen gjer med områder som ikkje vert prioritert for rammeavtalar gjennom ROR Innkjøp samarbeidet. Kanskje burde kommunen inngått eigen rammeavtaler for nokre av desse områda?

Rapporten viser at det er mange forbetringsområder å ta tak i. Sekretariatet vil understreke at ein del av dei svakheitene som er avdekka også kom fram i ein forvaltningsrevisjonsrapport på området i 2009. Det er difor uheldig at dette framleis ikkje er på plass.

Tilrådingar frå revisjonen

På bakgrunn av problemstillingar, revisjonskriterier og vurderingar har revisjonen i rapporten sitt samandrag, kome med sine samla vurderingar:
Aukra kommune bør sikre at alle tilsette med bestillarfunksjon får skriftleg fullmakt med beløpsgrense.
Aukra kommune bør sikre at tilsett med bestillarfunksjon får naudsynt opplæring i regelverket om offentlege anskaffingar. Den opplæring som vert gitt bør dokumenterast.
Aukra kommune bør sikre at alle innkjøp/anskaffingar blir kontrollert.
Kommunen bør sikre at alle anskaffingar inntil 100 000 også blir gjort med konkurranse ved at det blir henta inn tilbod frå fleire tilbydarar.
Kommunen sitt innkjøpsreglement bør oppdaterast i forhold til beskriving av EØS sine terskelverdiar og det nye regelverket frå 1.1.2017.
Aukra kommune bør dokumentere anskaffingsprosessane og utarbeide protokoll der det er krav om dette etter regelverket.

- Kommunen bør følgje opp sine reglar om saksdokumentasjon knytt til ei kvar anskaffing under alle fasar av anskaffinga, skal oppbevarast samla, systematisk ordna i eit tenleg arkivsystem.
- Kommunen bør sikre at det blir tatt omsyn til miljømessige konsekvensar under planlegging av kvar enkelt anskaffing
- Kommunen bør sikre at alle tilsette med bestillarfunksjon veit kvar dei kan finne rammeavtalar og at dei blir oppmoda til å bruke desse ved bestilling av forbruksmateriell.
- Aukra kommune bør styrke opplæringa i e-handel og oppmode dei som bestiller til å bruke e-handel ved innkjøp av forbruksvarer.

Sekretariatet gjer merksam på at tilrådingane i saksframlegget er omsett til nynorsk, då revisjonen sine tilrådingar i forvaltningsrevisjonsrapporten er skrive på bokmål.

**Konklusjon**
Sekretariatet meiner det er viktig å ta revisor sine tilrådingar vidare og synliggjere dei forbetringsområda som er funne for kommunestyret. Det vert understreka at nokre av svakheitene er dei same som ved tilsvarande forvaltningsrevisjonsrapport i 2009.

Med utgangspunkt i prosjektplanen som vart framlagt for kontrollutvalet, vurderer sekretariatet at rapporten og e-post med tilbakemelding på korleis innspela frå kontrollutvalet er følgt opp, i tilstrekkeleg grad belyser problemstillingane som kontrollutvalet hadde ønske om å undersøke i dette prosjektet. Sekretariatet vil likevel påpeike at det er uheldig at dei konkrete innspela som kontrollutvalet hadde ikkje vart svart ut i rapporten. Når nokon i framtida vil hente fram denne rapporten, så vil ikkje svara frå revisjonen på spørsmåla vere ein del av rapporten.

Kontrollutvalet vert tilrådd å legge rapporten fram for kommunestyret med forslag om å ta den til vitande og å be rådmannen følgje opp revisor sine tilrådingar i rapporten.

Rett utskrift 18.04.18

Anita Raknes Otterlei
Formannskapssekr.

| | | |
|---|---|---|
| | **Aukra kommune** | **Møteinnkalling** |

| | |
|---|---|
| Utval: | **Arbeidsmiljøutvalet** |
| Møtestad: | Kommunehuset |
| Dato: | 25.04.2018 |
| Tid: | 09:00 |

Forfall meldast til utvalssekretær som sørger for innkalling av varamedlemmar.
Varamedlemmar møter ved nærare innkalling.

| Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal | |
|---|---|
| Kommunenr: 1547 | |
| Dato: 20 APR 2018 | |
| Saks og 1547 | Løpenr: 170/18 |
| Arkivkode: 033 | Gradering: |

**Saksliste**

| Saksnr.: | Arkivsaksnr.: | Innhald: |
|---|---|---|
| | | Wenche Småge kjem og orienterer om spesialturnus kl. 09.00 |
| PS 12/18 | | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| PS 13/18 | | Referatsaker |
| | 2015/580 | IA-handlingsplan Gossen barne og ungdomsskole |
| PS 14/18 | 2015/580 | Reviderte lokale IA handlingsplanar |
| PS 15/18 | 2015/580 | Rapportering på IA-handlingsplanar |
| PS 16/18 | 2016/961 | Retningsline for bruk av sosiale media i Aukra kommune |
| PS 17/18 | 2016/670 | Rapport etter ergonomisk arbeidsplassvurdering |
| PS 18/18 | 2017/28 | Rapportering på arbeidet med 10-faktor |

PS 12/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 13/18 Referatsaker

# *Inkluderande arbeidsliv ved Gossen barne og ungdomskule*

I tråd med Aukra kommune sin overordna handlingsplan for IA arbeidet har vi analysert utfordringer/risikofaktorer ved vår eining. Denne handlingsplana inneheld våre resultatmål og tiltak for året 2017/2018

Målsetting: Følgje opp fråværsrapportar

| Resultatmål | Tiltak | Ansvar | Eventuelt/når |
|---|---|---|---|
| **Høgst mulig nærvær** | Lønningskaffi | Tillitsvalt + friv | Kvar mnd |
| | Etablere lokalt AMU | leiar | Vår 2018 |
| **Få «vi» mentaliteten i «ryggmargen»** | Gjennomføre ROS analyse på psykososialt arbeidsmiljø, 1.gang- hoved-tema: «vi-mentalitet» korleis få den i «ryggmargen» | Avdelingsleiar<br>Tillitsvalde<br>Verneombod<br>Rådgjevar<br>Sosiallærar | 1.gong: |
| **Nok bemanning ift. nye behov** | IA- arbeidsplass | Leiar | Kontinuerlig |
| **Unngå belastende fråvær ved videreutdanning** | Passe på at dei som har ønske om videreutdanning blir jevnt fordelt og i følge kompetanseplan | Leiar | Fortløpande |
| **Redusere belastning på skulen si leiing** | God fordeling av arbeidsoppgåver mellom leiarar. | Leiar og tillitsvald | Vår 2018 |
| **God inkludering av nye tilsette** | Bruke rutina til kommunen | Leiar | Ved behov |
| | Livsfasetiltak 6% nedsett undervisningstid det første året etter endt utdanning. | Leiar | Ved behov |
| | Den nytilsatte får tildelt ein mentor.Formålet er å sikre at den nye medarbeideren blir trygg på rutinar, prosedyrer o.l. | Leiar/avd.leiar | Ved behov |
| **Dei tilsatte skal bli trygge på bruk av avviksmeldinger** | Komme fram til kva som er terskel for å melde avvik. Drøft når man skal melde avvik mv. Formidle viktigheten av avviksmeldinger. | Leiar<br>Verneombod | Ved storteam-møte |
| **God oppfølging ved sjukefråvær** | Følgje rutinar for oppfølging ved sjukefråvær | Avdelingsleiar<br>Einingsleiar | Ved behov |

| | Aukra kommune | Arkivsak: 2015/580-44<br>Arkiv: 400<br>Saksbeh: Rannveig H. Sporsheim<br>Dato: 30.01.2018 |
|---|---|---|

**Saksframlegg**

| Utv.saksnr.: | Utval: | Møtedato: |
|---|---|---|
| 14/18 | Arbeidsmiljøutvalet | 25.04.2018 |

## Reviderte lokale IA handlingsplanar

### Rådmannen si tilråding:

Arbeidsmiljøutvalet tek handlingsplanane til orientering.

### Vedlegg

1 Stab/støtte
2 Julsundet skole
3 Forløpig revidert - Institusjonstenester

### Særutskrift:

### Bakgrunn:

I tråd med «Rutinar for revidering av lokale handlingsplanar for IA-arbeidet og rapportering til AMU» vert det kvart år lagt fram reviderte handlingsplanar for IA-arbeidet for den enkelte eining.

### Utgreiing:

Reviderte handlingsplanar er vedlegg til saka.

Stab/støtte:
Eksisterande plan er ikkje revidert, men vidareført. Det er fleire tiltak som ikkje er på plass og det er ikkje ønskeleg å legge til nye tiltak, men prøve å komme i mål med fleire av dei tiltaka som allereie ligg i planen, jfr. vedlegg.

Julsundet skole:
Lokal handlingsplan for arbeidet med IA plan ved Julsundet skole, 2017/18. Viser til vedlegg.

1. Besøk av arbeidslivssenteret , august 2017
   Fokus på rettar og plikter ein har ved sjukdom
2. Besøk av lege i arbeidsmedisin, Bjørn Otterlei mars 2018
   Refleksjon kring sjukdom og fråvær

3. Rask oppfølging av den sjuke. Oppfølgingsplanar og tilrettelegging.
4. Tilbod om gratis influensavaksine til alle tilsette hausten 2018
5. Fokus på handhygiene
6. Helsekontroll av alle tilsette hausten 2018. Bedriftshelsetenesta
7. **Vi ser og bryr oss om kvarandre.**

Institusjonstenester:
Revidert IA plan for Institusjonstenester
Plana inneheld punkter som ikkje er diskutert i lokalt AMU.
For oss er det viktig at dette er drøfta i AMU og at det er enighet om tiltaka. Vi ser nytta av felles plan med heimetenesten, og vil ha dei med på vidare planlegging/gjennomføring av tiltak. Viser til vedlegg.

**Administrative konsekvensar:**

Ingen.

**Økonomiske konsekvensar:**

Ingen.

Ingrid Husøy Rimstad
Rådmann

Rannveig H. Sporsheim
Personalsjef

# Inkluderande arbeidsliv ved Stab/støtte.

I tråd med Aukra kommune sin overordna handlingsplan for IA arbeidet har vi analysert utfordringar/risikofaktorar ved stab/støtte.

**Denne handlingsplanen inneheld resultatmål og tiltak for året 2016.**

**Målsetting: under 7 % sjukefravær for 2016**

**Delmål 1:** Redusere sjukefråværet.

Førebyggande tiltak:

| Resultatmål | Tiltak | Ansvar | Eventuelt/når |
|---|---|---|---|
| **Optimal fordeling av arbeidsoppgåver /-mengde** | Dialog på personalmøter og i medarbeidarsamtalar | Leiar | Kontinuerleg |
| | | | |
| | | | |
| **Alle tilsette tek ansvar for eiga helse** | Bøy og tøy 2-3 g/veke | Alle | Kontinuerleg |
| | Organisere trening 1 gong pr veke etter arb.tid | Stab/støtte-leiarar | 2017 |
| | Informasjon frå td leiarmøter | Leiar | Kontinuerleg |
| | Delta på aktivitetar i regi av arbeidsgjevar/trivselsgruppe | Alle | Kontinuerleg |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |

**Delmål 1:** Redusere sjukefråværet

Helsefremmande tiltak:

| Resultatmål | Tiltak | Ansvar | Eventuelt/når |
|---|---|---|---|
| **Arbeide for å behalde det gode arbeidsmiljøet** | Trivselsgruppe som tek ansvar for felles aktivitetar | Alle | Haust 2016 |
| | Informasjon frå td leiarmøter | Leiarar | Kontinuerleg |
| | Husmøte 2 g/år | Rådmann, stab/støtte-leiarar | |
| | Delta på aktivitetar i regi av arbeidsgjevar/trivselsgruppe | Alle | Kontinuerleg |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |

**Delmål 1:** Oppfølging ved sjukefråvær

| Resultatmål | Tiltak | Ansvar | Eventuelt/når |
|---|---|---|---|
| **Alle får tilrettelagt for å vere i jobb - der dette er muleg** | Samtalar med alle sjukemeldte om mulegheiter for tilrettelegging | Stab/støtte-leiarar | Kontinuerleg |
| | Tema på avd.møter/personalmøter | Stab/støtte-leiarar | Kontinuerleg |
| | | | |
| | | | |
| **Følgje IA-avtalen sitt opplegg for oppfølging av sjukemeldte** | Gjennomføre i tråd med Visma sine varslar | Stab/støtte-leiarar | Kontinuerleg |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |

## **Delmål 2:** Personar med redusert funksjonsevne

| Resultatmål | Tiltak | Ansvar | Eventuelt/når |
|---|---|---|---|
| **Opprette IA-arbeidsplassar** | Inngå avtale med NAV om IA-arbeidsplass | Stab/støtte-leiarar | Haust 2016 |
| | | | |
| | | | |
| **Tilsette personar med nedsett funksjonsevne** | Dei best kvalifiserte søkarane får tilbod om stilling. Ved behov for tilrettelegging, blir dette vurdert i prosessen. | Stab/støtte-leiarar | Kontinuerleg |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |

## **Delmål 3:** Avgangsalder

| Resultatmål | Tiltak | Ansvar | Eventuelt/når |
|---|---|---|---|
| **Behalde tilsette fram til fylte 70 år** | Medarbeidarsamtalar med dei som er 58+ med fokus på behov for ev tilrettelegging for å stå lenger i arbeid, jf «retningsliner for seniorfasen» | Stab/støtte-leiarar | Kontinuerleg |
| | Informere om pensjon | Stab/støtte-leiarar /arb.takarorg/KLP | Kontinuerleg |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |

# Inkluderande arbeidsliv ved Julsundet skole

**I tråd med Aukra kommune sin overordna handlingsplan for IA arbeidet har vi analysert utfordringer/risikofaktorer ved vår eining.**

**Denne handlingsplana inneheld våre resultatmål og tiltak for året 2016.**

**Målsetting: Under 7 % sjukefravær for 2016**

| Resultatmål | Tiltak | Ansvar | Eventuelt/når |
|---|---|---|---|
| **Halde ved like det gode arbeidsmiljøet** | Trivselsgruppa er aktiv | 1 frå kvart team og ein frå andre tilsette | Kontinuerleg |
| | Turar/ Ekskursjonar | Rektor/ trivselgruppe | 2 gonger pr. år |
| | Fredagstreff | Tilsette | Kontinuerleg |
| | God informasjonsflyt | Rektor/ Inspektør/ tillitsvalde/verneombod | Kontinuerleg |
| | Gje ros og bli sett | Leiing/Alle tilsette | Kontinuerleg |
| **Tilsette har god fysisk helse** | Fysisk aktivitet i arbeidstida. Aktivitet i gymsalen, f. eks elevar mot tilsette i volleyball | Tilsette | Kvar veke |
| **Arbeidsoppgåver som ein kan stå i over tid** | Tema på medarbeidarsamtale | Rektor | Januar-april |
| | Planlegging av ferie | Rektor/ tilsette | Unngå ferie i desember/juni |
| | Tilpasse arbeidsbyrde ved behov | Rektor | Kontinuerleg |
| | Samtale med seniorar | Rektor | 1 gong pr. år |
| **Systematisk oppfølging av sjukefråver** | Ringe etter 4 dagar med fråvær | Rektor | Ved behov |
| | Oppfølgingsplan | Rektor | Etter 4 veker med fråvær |
| | Dialogmøte 1 | Rektor | Etter 7 veker med fråvær |
| | Tilrettelegge arbeidstilhøva for arbeidsatakarar med spesielle behov | Rektor | Ved behov |

Rapportering på plan:

Gjennom arbeidet med 10 faktor har vi fått på plass rutinar for informasjonsflyt i organisasjonen.

Dei tilsette møtest sosialt, og det er mange som deltek.

Rektor følgjer opp sjuke, og der det er snakk om fysiske tilpassingar, vert ergoterapeut frå Bedriftshelsetenesta nytta. Ofte gjeld dette betre digitale hjelpemidlar.

På grunn av utbygginga har vi ikkje fått «leika» oss i gymsalen.

Det er gjennomført medarbeidarsamtalar for alle tilsette.

Sjukefråværet i 2017 var på 8,9 %

Hanna Valved Korsvik

rektor

# Inkluderande arbeidsliv ved Institusjonstenester

**I tråd med Aukra kommune sin overordna handlingsplan for IA arbeidet har vi analysert utfordringer/risikofaktorer ved vår eining.**

**Denne handlingsplana inneheld våre resultatmål og tiltak for året 2018.**

**Målsetting: Under 7 % sjukefravær for 2018**

| Resultatmål | Tiltak | Ansvar | Eventuelt/når |
|---|---|---|---|
| **Arbeidsmiljø** | God informasjonsflyt | Alle. Spesialt ansvar på leiing, verneombod, tillitsvalde. | Kontinuerleg |
| | Være bevisst si eiga haldning og humør i arbeidsmiljøet. Gje ros og bli sett. | Leiing/Alle tilsette | Kontinuerleg |
| **HMS: Vergekurs Førstehjelpskurs** | Vergekurs- fokus på sikkerhet for tilsette. Handtering av vald/trusler. Førstehjelpskurs- alle tilsette i PLO | Leiar/Tilsette/verneombod i PLO | 2018 |
| **Fagutvikling** | Internundervisning | Tilsette i PLO | 2018 (1xpr mnd) |
| | Velferdsteknologiens ABC | Gruppe PLO/leiarar PLO | 2018 |
| | Veilederen.no | Alle | Når det kjem nye tema..kontinuerleg |
| **Systematisk oppfølging av sjukefråver/ nærværsarbeid** | Tilsette ringer/møter dag 1 | Alle | Ved behov |
| | Oppfølgingsplan | Avdelingsleiar | Etter 4 veker med fråvær |
| | Medarbeidarsamtale(gruppe) | Avdelingsleiar/einingsleiar | 1x pr år |
| | Seniorsamtale | Avd.leiar/einingsleiar | 1x pr år |

Plana er ikkje godkjend i lokalt AMU. Det kan bli endringar.

| | Aukra kommune | Arkivsak: | 2015/580-45 |
|---|---|---|---|
| | | Arkiv: | 400 |
| | | Saksbeh: | Rannveig H. Sporsheim |
| | | Dato: | 30.01.2018 |

**Saksframlegg**

| Utv.saksnr.: | Utval: | Møtedato: |
|---|---|---|
| 15/18 | Arbeidsmiljøutvalet | 25.04.2018 |

## Rapportering på IA-handlingsplanar

**Rådmannen si tilråding:**

Arbeidsmiljøutvalet tek rapportane til orientering.

**Vedlegg**

1 IA-plan stab/støtte
2 IA-plan Barnebo barnehage
3 IA-plan Julsundet skole
4 IA-plan Institusjonstenester

**Særutskrift:**

**Bakgrunn:**

I «Rutinar for revidering av lokale handlingplanar for IA-arbeidet og rapportering til AMU» står det at organisasjonsavdelinga opprettar sak om rapportering på førre års lokale handlingsplanar.

**Utgreiing:**

Rapport frå den enkelte eining:

Stab/støtte: IA-avtalen vart ferdigstilt hausten 2016. Tidleg i 2017 starta vi 10-faktorundersøkinga. IA-avtalen er ikkje fulgt opp godt nok i ettertid eller tatt opp i fellesmøter, men vi har ønske om å sjå på den i samanheng med resultat av 10-faktorundersøking og ROS-analyse som er gjennomført. Fleire av tiltaka skal følgjast opp kontinuerleg og det skjer i fleire samanhengar. Andre tiltak har vi ikkje funne tid til å sette i verk. Sjukefråværet i stab/støtte var i 2017 på 7,7 % mens målet var 7. Det er behov for å arbeide meir med tiltaka i handlingsplanen og vi ønsker difor å vidareføre planen slik den ligg føre.

Julsundet skole:
Gjennom arbeidet med 10 faktor har vi fått på plass rutinar for informasjonsflyt i organisasjonen.
Dei tilsette møtest sosialt, og det er mange som deltek.
Rektor følgjer opp sjuke, og der det er snakk om fysiske tilpassingar, vert ergoterapeut frå Bedriftshelsetenesta nytta. Ofte gjeld dette betre digitale hjelpemidlar.
På grunn av utbygginga har vi ikkje fått «leika» oss i gymsalen.
Det er gjennomført medarbeidarsamtalar for alle tilsette.
Sjukefråværet i 2017 var på 8,9 %

Barnebo barnehage:
Viser til vedlegg.

Institusjonstenester:
Vi har frå 2016 hatt eit godt samarbeid med IA kontakt som har vore i personalmøter i begge avdelingar (Aukraheimen/Bergtun), vi har og hatt god nytte av å nytte IA kontakt i enkeltoppfølging av arbeidstakarar med mykje fråver.
Vi har oppdatert og informert om nye fråværsrutinar. Alle tilsette veit at næraste leiar skal kontaktast pr tlf eller personleg første fråværsdag. Vi har tett oppfølging av den einskilde og ser no resultat i form av at fråværskurva er på veg ned.
Bergtun/Avlastning vann i 2017 Arbeidsmiljøpris. Det er eit godt oppmøte og god dialog i personalmøter, det er jamt lågt fråvær (pr no 3,3%).

I Aukraheimen har vi hatt utfordringar med arbeidsmiljøet, og har jobba i lag med Bedriftshelsetenesta for å få på plass gode samarbeidsarenaer for å betre dialogen mellom leiarar og tilsette. Det er oppretta lokalt AMU, vi har fått verneombod, og vi prøver no å finne ei form på avdelingsmøter.
Alle tilsette har fått gruppeopplæring og èn til èn opplæring i Compilo. Avviks/HMS systemet vært nytta i mykje større grad.
Faste saker i lokalt AMU Aukraheimen vil være:

1. Sjukefråvær/nærværsarbeid( mål: samla fråvær på 5-7% mot tidlegare 12-13%)
2. Avvik. Alle avvik meldt i Compilo skal drøftas i AMU, tiltak skal iverksettes.
3. Handlingsplan (Årshjul i Compilo)- oppdatere og sjå at planlagte tiltak blir gjennomført
4. Anna; tema meldt frå leiar, verneombod, tillitsvalde eller tilsette.

Pleie og Omsorg skal ha IA temadag for alle tilsette august 2018.

**Administrative konsekvensar:**

Arbeid med oppfølging og revidering av handlingsplanar saman med tilsette.

**Økonomiske konsekvensar:**

Dersom planlagte tiltak gir kostnadar.

| | |
|---|---|
| Ingrid Husøy Rimstad | Rannveig H. Sporsheim |
| Rådmann | Personalsjef |

# Inkluderande arbeidsliv ved Stab/støtte.

**I tråd med Aukra kommune sin overordna handlingsplan for IA arbeidet har vi analysert utfordringar/risikofaktorar ved stab/støtte.**

**Denne handlingsplanen inneheld resultatmål og tiltak for året 2016.**

**Målsetting: under 7 % sjukefravær for 2016**

**Delmål 1:** Redusere sjukefråværet.
Førebyggande tiltak:

| Resultatmål | Tiltak | Ansvar | Eventuelt/når | Status |
|---|---|---|---|---|
| **Optimal fordeling av arbeidsoppgåver /-mengde** | Dialog på personalmøter og i medarbeidarsamtalar | Leiar | Kontinuerleg | Ikkje avklaring |
| | | | | |
| | | | | |
| **Alle tilsette tek ansvar for eiga helse** | Bøy og tøy 2-3 g/veke | Alle | Kontinuerleg | Mange tek del i tilbodet frå Tove Ch. |
| | Organisere trening 1 gong pr veke etter arb.tid | Stab/støtte-leiarar | 2017 | Ikkje utført |
| | Informasjon frå td leiarmøter | Leiar | Kontinuerleg | Ventar at det skjer på avd.møter. Viser og til referat i Compilo |
| | Delta på aktivitetar i regi av arbeidsgjevar/trivselsgruppe | Alle | Kontinuerleg | Trivselsgruppe er ikkje oppretta. |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |

**Delmål 1:** Redusere sjukefråværet

Helsefremmande tiltak:

| Resultatmål | Tiltak | Ansvar | Eventuelt/når | Status |
|---|---|---|---|---|
| **Arbeide for å behalde det gode arbeidsmiljøet** | Trivselsgruppe som tek ansvar for felles aktivitetar | Alle | Haust 2016 | Trivselsgruppe ikkje oppretta |
| | Informasjon frå td leiarmøter | Leiarar | Kontinuerleg | Ventar at det vert gjort på avd.møter. Viser og til referat i Compilo |
| | Husmøte 2 g/år | Rådmann, stab/støtte-leiarar | Vår og haust | Gj.ført ein gong i 2017. Planlagt vår 2018 |
| | Delta på aktivitetar i regi av arbeidsgjevar/ trivselsgruppe | Alle | Kontinuerleg | Trivselsgruppe ikkje oppretta |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |

**Delmål 1:** Oppfølging ved sjukefråvær

| Resultatmål | Tiltak | Ansvar | Eventuelt/når | Status |
|---|---|---|---|---|
| **Alle får tilrettelagt for å vere i jobb - der dette er muleg** | Samtalar med alle sjukemeldte om mulegheiter for tilrettelegging | Stab/støtte-leiarar | Kontinuerleg | Ok |
| | Tema på avd.møter/personal-møter | Stab/støtte-leiarar | Kontinuerleg | Det er kjent for tilsette og BHT har vore og sett på arbeids-plassane. |
| | | | | |
| | | | | |
| **Følgje IA-avtalen sitt opplegg for oppfølging av sjukemeldte** | Gjennomføre i tråd med Visma sine varslar | Stab/støtte-leiarar | Kontinuerleg | Ok. Lagt inn i Visma så leiar får melding etter kvart. |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |

**Delmål 2:** Personar med redusert funksjonsevne

| Resultatmål | Tiltak | Ansvar | Eventuelt/når | Status |
|---|---|---|---|---|
| **Opprette IA-arbeidsplassar** | Inngå avtale med NAV om IA-arbeidsplass | Stab/støtte-leiarar | Haust 2016 | Serviceavd. har avtale. |
| | | | | |
| | | | | |
| **Tilsette personar med nedsett funksjonsevne** | Dei best kvalifiserte søkarane får tilbod om stilling. Ved behov for tilrettelegging, blir dette vurdert i prosessen. | Stab/støtte-leiarar | Kontinuerleg | Vert vurdert når det er aktuelt. |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |

## **Delmål 3:** Avgangsalder

| Resultatmål | Tiltak | Ansvar | Eventuelt/når | Status |
|---|---|---|---|---|
| **Behalde tilsette fram til fylte 70 år** | Medarbeidarsamtalar med dei som er 58+ med fokus på behov for ev tilrettelegging for å stå lenger i arbeid, jf «retningsliner for seniorfasen» | Stab/støtte-leiarar | Kontinuerleg | Ok |
| | Informere om pensjon | Stab/støtte-leiarar /arb.takarorg/KLP | Kontinuerleg | KLP kjem i sept. 2018. |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |

## Inkluderande arbeidsliv ved Barnebo barnehage

I tråd med Aukra kommune sin overordna handlingsplan for IA arbeidet har vi analysert utfordringer/risikofaktorer ved vår eining. Denne handlingsplana inneheld våre resultatmål og tiltak for året 2016.

Målsetting: 8 % sjukefravær for 2016

| Resultatmål | Tiltak | Ansvar | Eventuelt/når |
|---|---|---|---|
| **ROS-analyser vert gjennomført** | Gjennomføring ROS-analyse arbeidsoperasjonen «legging i vogn». | Sissel Oliv Garseth | Vår 2016 |
| | Gjennomføring ROS-analyse støy | Sissel Oliv Garseth | Haust 2016 |
| | Gjennomføring ROS-analyse smittevern og hygiene | Sissel Oliv Garseth | Haust 2016 |
| | Gjennomføring ROS-analyse informasjonstryggleik | Sissel Oliv Garseth | Vår 2016 |
| | Det vert gjennomført Ros-analyser ved behov. Tilsette melder inn behov. | Sissel Oliv Garseth | 2016 |
| **Tilsette seier tidleg ifrå om forhold som har innverknad på arbeidsevne, slik at arbeidstakar og leiar saman kan sette inn tiltak for å hindre/redusere sjukefråver.** | Tilsette skal oppleve at det er tid og rom for samtale med leiar om forhold som har innverknad på arbeidsevne. | Sissel Oliv Garseth | fortløpande |
| | Tilsette skal oppleve at leiar tek tak i dei forhold som tilsette seier ifrå om, for å søkje å hindre/redusere sjukefråver. | Sissel Oliv Garseth | fortløpande |
| **Tilsette på Barnebo samhandlar på ein helsefremmande måte. Alle vert involvert i prosess for å konkretisere kva dette er for oss.** | Tema på utviklingsmøte; korleis ser det ut med oss når vi samhandlar på ein helsefremjande måte? | Sissel Oliv Garseth | Haust 2016 |
| **Tilsette får informasjon om IA-verkemiddel og bedriftshelsetenesta si rolle. Leiar følgjer rutinene for oppfølging av sjukmeldte med tett dialog og bruk av verkemidla som er tilgjengeleg** | Informasjon på utviklingsmøte om IA-verkemiddel | Sissel Oliv Garseth | |
| | Informasjon på utviklingsmøte om bedriftshelsetenesta si rolle | | |
| | Leiar sett opp samtalar med den sjukmeldte etter «Rutine for oppfølging av sjukefråvær Aukra kommune 2016 – 2020» | Sissel Oliv Garseth | fortløpande |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Styrar fortsett oppfølging i perioden kor arbeidstakar går over på arbeidsavklaring** | Styrar initierer to samtalar i halvåret | Sissel Oliv Garseth | Vår, haust |
| | Styrar kan delta møter med NAV dersom arbeidstakar ønskjer det | Sissel Oliv Garseth | Etter behov |
| **Styrar og arbeidstakar samarbeider med NAV og personalsjefen om alternativt arbeid i andre einingar** | Der det kjem fram i oppfølgingssamtale med den sjukmeldte tilsette at dette vil prøvast ut, vert det innkalt til møte med personalsjef og NAV | Sissel Oliv Garseth | Etter behov |
| **Arbeidssituasjonen til tilsette er tema på alle medarbeidarsamtalar** | Det er innarbeidd som fast tema på skjema for medarbeidarsamtalar | Sissel Oliv Garseth | Etter behov |
| **Styrar brukar retningslinene for seniorfasen aktivt i oppfølging av seniorar frå fylte 58 år** | Det er fast tema på medarbeidarsamtalar frå fylte 58 år | Sissel Oliv Garseth | Etter behov |
| | Det vert avtalt møte etter ønskje frå senior ved behov | Sissel Oliv Garseth | Etter behov |
| **Styrar formidlar kontakt dersom senior ønskjer informasjon om pensjon** | Styrar sett senior i kontakt med personalsjefen eller NAV | Sissel Oliv Garseth | Etter behov |

Aukra 7. juni

Sissel Oliv Garseth

styrar

# Inkluderande arbeidsliv ved Julsundet skole

**I tråd med Aukra kommune sin overordna handlingsplan for IA arbeidet har vi analysert utfordringer/risikofaktorer ved vår eining.**

**Denne handlingsplana inneheld våre resultatmål og tiltak for året 2016.**

**Målsetting: Under 7 % sjukefravær for 2016**

| Resultatmål | Tiltak | Ansvar | Eventuelt/når |
|---|---|---|---|
| **Halde ved like det gode arbeidsmiljøet** | Trivselsgruppa er aktiv | 1 frå kvart team og ein frå andre tilsette | Kontinuerleg |
| | Turar/ Ekskursjonar | Rektor/ trivselgruppe | 2 gonger pr. år |
| | Fredagstreff | Tilsette | Kontinuerleg |
| | God informasjonsflyt | Rektor/ Inspektør/ tillitsvalde/verneombod | Kontinuerleg |
| | Gje ros og bli sett | Leiing/Alle tilsette | Kontinuerleg |
| **Tilsette har god fysisk helse** | Fysisk aktivitet i arbeidstida. Aktivitet i gymsalen, f. eks elevar mot tilsette i volleyball | Tilsette | Kvar veke |
| **Arbeidsoppgåver som ein kan stå i over tid** | Tema på medarbeidarsamtale | Rektor | Januar-april |
| | Planlegging av ferie | Rektor/ tilsette | Unngå ferie i desember/juni |
| | Tilpasse arbeidsbyrde ved behov | Rektor | Kontinuerleg |
| | Samtale med seniorar | Rektor | 1 gong pr. år |
| **Systematisk oppfølging av sjukefråver** | Ringe etter 4 dagar med fråvær | Rektor | Ved behov |
| | Oppfølgingsplan | Rektor | Etter 4 veker med fråvær |
| | Dialogmøte 1 | Rektor | Etter 7 veker med fråvær |
| | Tilrettelegge arbeidstilhøva for arbeidsatakarar med spesielle behov | Rektor | Ved behov |

Rapportering på plan:

Gjennom arbeidet med 10 faktor har vi fått på plass rutinar for informasjonsflyt i organisasjonen.

Dei tilsette møtest sosialt, og det er mange som deltek.

Rektor følgjer opp sjuke, og der det er snakk om fysiske tilpassingar, vert ergoterapeut frå Bedriftshelsetenesta nytta. Ofte gjeld dette betre digitale hjelpemidlar.

På grunn av utbygginga har vi ikkje fått «leika» oss i gymsalen.

Det er gjennomført medarbeidarsamtalar for alle tilsette.

Sjukefråværet i 2017 var på 8,9 %

Hanna Valved Korsvik

rektor

# Inkluderande arbeidsliv ved eining Institusjonstenester

**I tråd med Aukra kommune sin overordna handlingsplan for IA arbeidet har vi analysert utfordringar/risikofaktorar ved vår eining.**

**Denne handlingsplana inneheld våre resultatmål og tiltak for året 2016.**

**Målsetting: 10,5 % sjukefråvær for 2016 for eining Institusjonstenester**

| Resultatmål | Tiltak | Ansvar | Eventuelt/når |
|---|---|---|---|
| **Alle tilsette skal ha god kunnskap om reglar og rutinar for sjukefråvær** | Informasjon om eigenmeldingar, bruk av eigenmelding og aktivitetsplikt | Avdelingsleiar/ vikarkoordinator | Personalmøte/ Avdelingsmøte |
| | Compilo | Avd. leiar | Personalmøte/ Avdelingsmøte |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| **Vidareføre det gode arbeidsmiljøet ved eininga** | Sosiale tiltak:<br>Personalfest | Aktivitetskomite | Personalfest/<br>sommarfest<br>Kvart år |
| | vandrepokal | Aktivitetskomite | Sommarfest |
| | Avdelingsmøte | Avd.leiar/einingsleiar | Kvar 6.veke |
| | Arbeidsgrupper frå kvar avdeling<br>Ulike tema vert valt av tilsette | **Sjukepleiar, helsefagarbeidar, assistent**<br>**Avd.leiar/ einingsleiar** | Kvar 6.veke |
| | Blåturkomite | Sosialkomite | 1-2 gonger per år |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Turgruppe | Helsepersonell | 2 gonger per veke |
| **Fagdagar for dei tilsette.** | Målretta miljøarbeid | Verneombod, avd.leiar, einingsleiar, utval av tilsette. | Kvar 6.veke |
| | Medisin kurs | | X 1 per år |
| | Kurs Cos Doc | Cos.doc systemkoordinator | |
| | Tema samling | Avd.leiar/einingsleiar | 1-2 gonger per år |
| | Veilederen.no | Avd. leiar | Ved behov |
| | | | |
| **Samarbeid** | Felles samarbeid: personalmøte / andre møte<br><br>HET/ INT | Einingsleiar | Samarbeid om felles personalmøte og fagmøter på tvers av einingane. |
| | Felles fagdagar / kurs / opplæring/<br><br>Compilo | Avdelingssjukepleiar alle avdelingar | Ved behov, arbeidast med |
| | Hospitering ved Molde sjukehus og KAD senger Molde kommune | Avd.leiar | Ved ønske frå tilsette |
| | | | |
| **IA arbeidsplass** | Avdelingsleiar tek kontakt med Kamilla Brunvoll i NAV arbeidslivssenter for avtale om IA arbeidsplass/Tilrettelegging og Tilretteleggingstilskot | Avdelingsleiar | Ved behov. |

| | Aukra kommune | Arkivsak: 2016/961-2<br>Arkiv:<br>Saksbeh: Aaslaug Søreide<br>Dato: 05.01.2018 |
|---|---|---|

**Saksframlegg**

| Utv.saksnr.: | Utval: | Møtedato: |
|---|---|---|
| 13/18 | Administrasjonsutvalet | 09.04.2018 |
| 16/18 | Arbeidsmiljøutvalet | 25.04.2018 |

# Retningsline for bruk av sosiale media i Aukra kommune

## Rådmannen si tilråding:

Administrasjonsutvalet/Arbeidsmiljøutvalet tek retningslinje for bruk av sosiale media for tilsette i Aukra kommune til vitande.

## Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 09.04.2018

### Behandling

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedtatt

### Vedtak

Administrasjonsutvalet tek retningslinje for bruk av sosiale media for tilsette i Aukra kommune til vitande.

## Vedlegg

1 Retningsline for bruk av sosiale media i Aukra kommune

## Særutskrift:

## Bakgrunn:

Aukra kommune har ikkje hatt ei retningsline for bruk av sosiale media for tilsette tidlegare. På grunn av auka bruk av ulike sosiale media i kommunen, er det ønskjeleg med ei slik retningsline.

## Utgreiing:

Aukra kommune har dei to siste åra hatt stor fokus på sikkerheitsarbeid mellom anna når det gjeld informasjonssikkerheit. I mai vil Noreg tilslutte seg den nye personvernforordninga frå EU (GDPR), som stiller strenge krav til behandling av personopplysningar og sikring av desse. Tilsette og leiar

må ha gode kunnskapar om mellom anna kva type personopplysningar kommunen behandlar, kva ein kan bruke desse opplysningane til, korleis ein skal oppbevare desse med meir. Å ha ei retningsline for sosiale media er ei av mange retningsliner og prosedyrer innan området personvern og informasjonssikkerheit som tilsette og leiarar må ha inngåande kjennskap til, for å kunne ta i vare personvernet og sikkerheita.

**Administrative konsekvensar:**

Tilsette må kjenne til innhaldet i retningslina.

**Økonomiske konsekvensar:**

Ingen.

| | |
|---|---|
| Ingrid Husøy Rimstad<br>Rådmann | Aaslaug Søreide<br>Servicesjef |

Aukra kommune

*Aukra – full av energi*

# Retningsline for bruk av sosiale media for tilsette i Aukra kommune



Gjeldande frå 24. april 2018

# Innhald

Innhald ... 2

1. Innleiing ... 3
2. Kven kan opprette ei side? ... 3
3. Bruk av sosiale media i kommunen sitt namn ... 3
4. Ha eit klart skilje mellom jobb og privatliv ... 4
5. Publisering av bilde ... 6
6. Målform ... 7
7. Dokumentasjon og journalføring ... 7
8. Sletting av innlegg ... 7
9. Norsk lov gjeld også på Internett ... 7

10 sikkerheitsråd for Aukra kommune ... 8

## 1. Innleiing

*Alle tilsette i Aukra kommune må ha eit bevisst forhold til korleis ein opptrer i sosiale media, både på vegne av arbeidsgjevaren og som privatperson.*

Denne retningslina har som mål å gje gode tips til korleis ein kan vere trygg i sosiale media.

Sosiale media har blitt ein arena for informasjonsdeling og kommunikasjon mellom kommunen og innbyggjarar/ publikum.

Primært skal sosiale media være eit verktøy i kommunen sitt kommunikasjonsarbeid og omdømmebygging.

Sosiale media skal fungere som ein kanal for nyheitsformidling, informasjon og kunngjeringar frå kommunen, men også som ein kanal for enkel dialog/ kommunikasjon med innbyggjarane.

Kommunens heimeside er framleis vår viktigaste informasjonskanal og vår satsing på sosiale media kan sjåast i samanheng med denne.

## 2. Kven kan opprette ei side?

Å opprette ei kommunal side skal avklarast med rådmannen. Ei side for ei eining eller eit arrangement skal avklarast med næraste leiar.

## 3. Bruk av sosiale media i kommunen sitt namn

Før ein opprettar profilar og sider, må følgjande vurderast:

- ✓ Kva er føremålet med sida?
- ✓ Kven er målgruppa?
- ✓ Korleis skal dialogen skje?
- ✓ Korleis skal ein ta i vare personvern og teieplikta?

Ytterlegare krav til ei kommunal side: sjå side 7.

## 4. Ha eit klart skilje mellom jobb og privatliv

Når vi postar eller «twitrar» kan vi vere ivrige og spontane. Vi er opptekne av å skildre det vi kjenner der og då. Vert du oppfatta som privatperson, eller kan det tenkjast at ytringane dine vert kopla til Aukra kommune og deg som tilsett?




Utan at vi tenkjer over det, kan vi publisere sensitiv informasjon utan å tenkje over kva konsekvensar det kan by på for deg og arbeidsgivaren din. I tillegg kan ytringane dine skade omdømmet til kommunen.

Tek du deg tid til å følgje råda nedanfor når du ferdast i sosiale media som tilsett og som privatperson, vert du tryggare og sikrare:

- ✓ Kven blir eg oppfatta som no? Du er tilsett i Aukra kommune også når du bruker sosiale media privat.
- ✓ Ver varsam med å blande private synspunkt i innlegga.
- ✓ Hugs på teieplikta.
- ✓ Ytringsfridomen gjeld, men det gjer også teieplikta.




- ✓ Sensitiv informasjon skal ikkje publiserast.
- ✓ Tilpass forma på svaret. Ver varsam med ironi og sarkasme.
- ✓ Sosiale media skal ikkje brukast til kommunal saksbehandling.
- ✓ Unngå å gå inn i ein diskusjon med publikum på Facebook.
- ✓ Vurder korleis du som privatperson skal ha kontakt med tenestemottakarar.
- ✓ Ver bevisst på skiljet mellom administrativt og politisk nivå.
    - o Vis til rådmannen si innstilling i politiske saker eller til politisk vedtak.
    - o Unngå å gje dine eigne vurderingar av saker som er under politisk behandling.

**Dine «private» meldingar er ikkje så private som du trur**
Alt du deler med andre kan bli kopiert, lagra og vidaresendt av mottakaren. Det du skriv kan bli lese og formidla vidare av mange, og blir ståande «til evig tid».

## 5. Publisering av bilde

**Barn**

Når kommunen publiserer bilde av barn på nett, må vi tenke på personvernet til barnet. Det er den med foreldreansvar som kan gje samtykkje til å ta og publisere bilde, men det er likevel viktig å spørje barnet om det er greitt at bilda vert publisert.

- ✓ Når barn er fylt 7 år, har barnet rett til å seie si meining om saka.
- ✓ Når barnet er fylt 12 år, skal det leggjast stor vekt på kva barnet meiner.
- ✓ Når barnet er fylt 15 år, er det barnet sjølv om avgjer om bildet skal publiserast.

Vi skal ikkje sjå på desse aldersgrensene som absolutte, men vurdere om barnet er i stand til å gjere opp si eiga meining.

**Andre tenestemottakarar**

Vi skal ikkje ta eller publisere bilde av tenestemottakarar utan samtykke frå dei sjølv eller pårørande.

**Tilsette**

Arbeidsgjevar skal be om samtykket før bilde av deg vert publisert på kommunen si heimeside eller internt i organisasjonen.

Unnatak:
Når aktiviteten er i fokus!
På nokre bilde er det sjølve situasjonen eller aktiviteten, som er hovudtema. Kva personar som er på bildet er då mindre viktig. Dette kan gjelde bilde av eit 17. mai-tog eller av publikum på ein konsert. Slike bilde kan delast utan samtykke frå dei fotograferte, så lenge bileta er harmlause og ikkje på nokon måte kan kjennast krenkjande for dei som er på bilda.



## 6. Målform

All kommunikasjon frå kommunen til innbyggjarar, publikum osv., skal gå føre seg på nynorsk.

## 7. Dokumentasjon og journalføring

Sosiale media er ikkje eigna for sakshandsaming, og ytringar av slik karakter vil bli vist til å nytte tradisjonelle kanalar, som brev eller e-post.

Kommunikasjon som krev saksbehandling, skal arkiverast i rett arkivsystem.

## 8. Sletting av innlegg

Innlegg som er lovstridige og som heng ut personar (sjikane, misbruk av personopplysningar ol.), skal slettast.

## 9. Norsk lov gjeld også på Internett

Dersom du ytrar deg eller lastar opp noko på Internett, har du ansvar for å følgje lover og reglar som gjeld i Noreg.

Personopplysningsloven er spesielt viktig å ha i tankane når du lastar opp tekst, bildet eller anna materiale.



# 10 sikkerheitsråd for Aukra kommune

1. Teieplikta gjeld óg internt i kommunen
2. Ikkje send teiepliktig informasjon via e-post
3. Du skal berre ha tilgang til den informasjonen du treng
4. Vêr varsam ved utlevering av informasjon
5. Lag passord som er vanskeleg å knekke, men som er lett å hugse
6. Hugs å låse skjermen når du forlèt kontorplassen
7. Hugs sikra utskrift
8. Gjester blir følgd inn og ut av lokala
9. Meld frå om sikkerheitsbrot til leiaren din
10. tillegg må du melde avvik om sikkerheitsbrot i Compilo

| | Aukra kommune | Arkivsak: 2016/670-36<br>Arkiv: 441<br>Saksbeh: Rannveig H. Sporsheim<br>Dato: 19.04.2018 |
|---|---|---|

**Saksframlegg**

| Utv.saksnr.: | Utval: | Møtedato: |
|---|---|---|
| 17/18 | Arbeidsmiljøutvalet | 25.04.2018 |

## Rapport etter ergonomisk arbeidsplassvurdering

**Rådmannen si tilråding:**

Arbeidsmiljøutvalet tek rapporten til vitande.

Vedlegg
1 Rapport Nav Aukra
2 Rapport Økonomiavd

**Særutskrift:** Stamina Helse, Molde ( bhtromsdal@staminsgroup.no )

**Bakgrunn:**

Stamina Helse har gjennomført ergonomisk arbeidsplassvurdering ved Nav Aukra og ved økonomikontoret, til saman 11 kontorarbeidsplassar.

**Utgreiing:**

Nav, Aukra:
Her vart det gjort nokre endringar/justeringar på stolar og skjermar og gitt råd i forhold til sittestilling og avlastingsmatte når ein står. Elles var det ikkje behov for særskilte tiltak.

Økonomiavdelinga:
På lik linje med Nav har ergoterapeut sett på justeringar av stol og skjermar og vurdert sittestilling. Det er gitt forslag til innkjøp av nokre hjelpemiddel og flytting av ma safe på lønnskontoret.

**Administrative konsekvensar:**

Leiar må, i samarbeid med dei tilsette, gå gjennom rapporten og vurdere ev behov for tiltak.

**Økonomiske konsekvensar:**

Ved ev behov for innkjøp av tilrådde hjelpemiddel.

Ingrid Husøy Rimstad
Rådmann

Rannveig H. Sporsheim
Personalsjef

stamina
Helse

# Rapport etter ergonomisk arbeidsplassvurdering, NAV Aukra, Aukra kommune

RAPPORT FRA STAMINA HELSE

**Oppdragsgiver**
NAV Aukra, Aukra kommune
6480 Aukra

**Distribuert til**
Kjerstin Mauseth / Rannveig Høghaug Sporsheim

**Gjennomført av**
Sølvi Torgnes, HMS-rådgiver/ergoterapeut

Dato for gjennomføring: 02.10.2017
Oversendt kunde: 09.10.17

| | Aukra kommune | Arkivsak: 2017/28-7<br>Arkiv: 400<br>Saksbeh: Rannveig H. Sporsheim<br>Dato: 16.04.2018 |
|---|---|---|

**Saksframlegg**

| Utv.saksnr.: | Utval: | Møtedato: |
|---|---|---|
| 18/18 | Arbeidsmiljøutvalet | 25.04.2018 |

## Rapportering på arbeidet med 10-faktor

### Rådmannen si tilråding:

Arbeidsmiljøutvalet tek rapporteringa til vitande.

### Vedlegg

1 Julsundet skole

### Særutskrift:

### Bakgrunn:

I januar 2017 vart det gjennomført 10-faktorundersøking for alle tilsette i Aukra kommune. Alle einingar og ein del større avdelingar har fått oversikt over resultatet og leiarane skal i tett samarbeid med sine tilsette sjå på kva faktorar dei ønsker å arbeide vidare med og kva tiltak ein vil sette i verk for å nå planlagte mål.

### Utgreiing:

Stab/støtte:
Vi har hatt fleire møter i 2017 og 2018. Det har vore eit godt engasjement i møta, men litt for lang tid mellom dei slik at det har vore vanskeleg å halde tråden.
Stab/støtte arbeider med følgjande faktorar:

| ***Vi ønsker å bevare*** | ***Vi ønsker å bli betre på*** |
|---|---|
| *Faktor 1: Oppgåvemotivasjon* | *Faktor 6: Rolleklarheit* |
| *Faktor 7: Relevant kompetanseutvikling* | *Faktor 10: Nytteorientert motivasjon* |

Det er laga ei handlingsplan der tiltak for det vi ønsker å bli betre på er på plass, mens tiltaka for faktorane vi ønske å bevare skal bli ferdigstilt i møte i mai.

Julsundet skole:
Alle tilsette har vore med i prosessen for å arbeide ut ei handlingsplan. Vi nytta IGP metoden (individuelt, gruppe og plenum).
Arbeidet har skapt ei felles forståing for kor viktig det er at alle samarbeider. Administrasjon har ansvar for å organisere møteplassane. Viser til vedlagt skjema for faktor 9.

Barnebo barnehage:
Barnebo har fulgt prinsippa i 10-faktor – handbokoka for oppfølging av medarbeidsarundersøkinga. Gjennom IGP metodikken er faktoren *mestringstru* valgt for forbetringsområde.
Mestringstru handlar om medarbeidaren sin tillit eller tru på eigen kompetanse, altså kva oppfatning medarbeidaren har av sin eigen kompetanse og dermed eigne føresetnader til å løyse oppgåver og å takle utfordringar.
Av dei fire framgangsmåtane som er skildra i handboka for kva som aukar mestringstru har vi valgt å arbeide med *mestringsopplevelse* og *tilbakemelding.*
Mestringsopplevelse: For høgare mestringsopplevelse skal vi oftare dele suksesshistorier med kvarandre på utviklingsmøta. Kvar avdeling deler frå fordjupingsområder eller prosjekt dei held på med.
Tilbakemelding: Alle tilsette peikte ut eit område i det pedagogiske arbeidet (kva) dei ønskte å meistre/verte betre på i løpet av hausten og korleis dei ønskte å gjere det. For kollegastøtte og hjelp kunne den enkelte bestemme kven som kunne hjelpe og på kva måte. Den enkelte kunne og bestemme korleis tilbakemeldinga undervegs skulle vere og kven som skulle gi denne. Dette er eit pågåande arbeid.

Bergetippen barnehage:
Ny einingsleiar frå oktober 2017. Det er arbeidd med utvalde faktorar ved Bergetippen og

Institusjonstenester:
I etterkant av 10-faktorundersøkinga vart det gjort vedtak i adm.utvalet om å gjere ei arbeidsmiljøkartlegging ved Aukraheimen. Av den grunn har det ikkje vore kapasitet til å arbeide med 10-faktor. Det var likevel tatt med eit par av 10-faktorane i undersøkinga som Stamina har gjort. Dette er faktor 2 meistring og faktor 3 autonomi.

Bergtun er med i undersøkinga og utskilt som eiga avdeling i undersøkinga.
Det har vore arbeidd mykje med arbeidsmiljø på Bergtun /Avlastning.
I går (18.4.)hadde vi ei hyggeleg samankomst for å feire fjorårets arbeidsmiljøpris. Veldig kjekt☺

1. Vi har fagmøte i avdelinga, der vi drøfte evnt utfordringa / mål / tiltak for kvar einskildt bebuar. Her er alle tilsette invitert å delta. Faglege drøftingar, konkludere ilag vegen vidare. Tett samarbeid med andrelinje tenesta ved råd / rettleiing. Dette er viktig for å skape eierforhold til jobben sin.
2. Bemanninga er i tråd med enkeltvedtaka, slik at tilsette får følgje opp bebuarane på ein god måte
3. Vi har gjennomgått rolleavklaring ( eks primærkontakter ), og kva inneheld oppgåvene
4. Frikjøp av Høgskuleutdanna ( til ADM tid med fag, vedtak etc – har her laga framdriftsplan )

5. Det er stor takhøgde i det daglege for drøftingar / innspel
6. Leiar autvise tillit / delegere oppgåver
7. Oppfordre tilsette til å ta utdanning - mange har teke, og fleire er under untdanning no. Fleire har planer om det til hausten 2018
8. Jevnleg kurs jmf behov om opplæring
9. Medarbeidarsamtalar med påfølgjande handlingsplan. Det er samtlege tilsette som får bidra inn i handlingsplana med sine ønskje, behov, forslag til bedring
10. Tilsette får opplæring / innføring slik at har kompetanse til å jobbe på tvers i avdelinga
11. Stort fokus på trivsel, tryggleik, at kvar enkelt vert sett og haurt m.m

Er svært bevisst på at det å få vare deltakar i eigen arbeidskvardag skap eierforhold til jobben

I handlingsplana / IA hadde vi som mål å kome ned på sjukefråvær 6 %. I dag har vi 3,3 %!

Heimetenester:
Ny einingsleiar starta i februar og kjenner ikkje til kva for etterarbeid som er gjort. Resultatet er overlevert slik at dei har ei samanlikning i høve til neste års gjennomgang.

Nav:
NAV Aukra gjennomfører ikkje 10-faktor undersøking, men har en årleg HKI undersøking. Rådmannen har fått kopi av resultata for 2017.
Litt oppdatert informasjon frå NAV Aukra:
HKI undersøkinga viser noko nedsett verdiskår samanlikna med året før.
Det er satt av dagar for arbeid med tiltak. Vi startar på måndag (23.4.)med førebuing på ein prosess i samarbeid NAV Møre og Romsdal. Og på onsdag i neste veke går heile dagen til å arbeide med tiltak som ein har plukka ut, tiltak for å betre arbeidsmiljøet.

Tekniske tenester:
Det har i liten grad vore arbeidd med resultatet av denne undersøkinga. Ny teknisk sjef starta i 2018 og alle 3 einingane vart da slått saman. Ny undersøking vil komme våren 2019 og det er ikkje hensiktsmessig å starte eit større arbeid med dette no. Dersom resultatet ikkje er presentert for dei tilsette, rår ein til at det vert gjort på eit personalmøte samtidig med at det blir orientert om at det kjem ei ny undersøking neste år med aktiv deltaking i oppfølginga.

**Administrative konsekvensar:**

Vidare avklaring og oppfølging av tiltak.

**Økonomiske konsekvensar:**

Ingen kjente.

Ingrid Husøy Rimstad
Rådmann

Rannveig H. Sporsheim
Personalsjef

HANDLINGSPLAN FOR FAKTOR 9: MEISTRINGSKLIMA:
KULTUR FOR Å SAMARBEIDE, LÆRE Å GJERE KVARANDRE GODE

| *Satsingsområde* | *Ansvarleg* | *Tidsperspektiv* |
|---|---|---|
| Erfaringsdeling i kollegiet, team, storteam og nettverk på tvers av skolar | Rektor, inspektør, plangruppe og tillitsvalde | Kan starte umiddelbart. Sette opp ei plan |
| Felles idebank | Olav, Christina, rektor og inspektør | Ventar på nytt fellespunkt |
| Personalmøte for alle | Rektor, inspektør, plangruppe, tillitsvalde | 3-4 i året |
| Etablere faggrupper | Teamleiarar, inspektør, plangruppe | Startar jan. 2018 |
| Felles samarbeidstid for dei ulike profesjonane som har med eleven/klassa å gjere | Inspektør, tillitsvalde, plangruppe | Startar hausten 2018 |

| | Aukra kommune | Arkivsak: | 2017/33-21 |
|---|---|---|---|
| | | Arkiv: | 153 |
| | | Saksbeh: | Svein Hartvig Pettersson |
| | | Dato: | 23.03.2018 |

**Saksframlegg**

| Utv.saksnr.: | Utval: | Møtedato: |
|---|---|---|
| 27/18 | Formannskapet | 09.04.2018 |
| | Kommunestyret | |

## Rapportering finansforvaltning pr 31.12.2017

### Rådmannen si tilråding:

Rapporten vert teke til vitande.

Vedlegg
1 Rapportering finansforvaltning 2017

**Særutskrift:** Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal revisjon IKS

**Bakgrunn:**

Ifølgje kommunen sitt finansreglement skal Rådmannen i samband med tertial-rapporteringane pr. 30. april og 31. august leggje fram rapportar for kommunestyret som viser status for forvaltninga av:

- Ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsformål
- Langsiktige finansielle aktiva
- Gjeldsporteføljen

I tillegg skal rådmannen etter årets utgang legge frem en rapport (kommunens årsrapport) for kommunestyret som viser utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året.

Rapporten skal ta utgangspunkt i §7 i forskrift om kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning.

Vedlagt saka føljer «Finansrapport 3 tertial 2017» som er utarbeidd i rapporterinsverktøy frå vår hovedbankforbindelse Sparebank1 SMN, og viser status ved årsskiftet.

**Utgreiing:**

Rapport over finansforvaltinga gjev ei samla oversikt over kommunen sin likviditet, plassering av langsiktig finansielle aktiva og gjeld. Kommunen sitt finansreglement (vedteke 16.12.10 og revidert 10.03.2014) og forskrift om kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning fastsatt av KRD 9. juni 2009 (FOR 2009-06-09 nr. 635) legg rammer og retningsliner for kommunen si finansforvalting. Gjennom dette finansreglementet er det vedteke målsettingar, strategiar og rammer for:

- Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsformål
- Plassering og forvaltning av kommunens langsiktige finansielle aktiva
- Forvaltning av kommunens gjeldsportefølje og øvrige finansieringsavtaler

Finansforvaltinga har som overordna formål å sikre ei rimeleg avkasting samt stabile og låge netto finansieringskostnader for kommunen sine aktivitetar innanfor definerte risikorammer.

**Ledig likviditet og andre midlar berekna til driftsformål**

Dette er midlar som skal være tilgjengeleg for å dekkje kommunen sine betalingsforpliktingar etter kvart som dei forfell innanfor ein kort og mellomlang tidshorisont.

Aukra kommune har god likviditet og midlar berekna til driftsformål er plassert i bank i tråd med retningsliner i reglementet. Vilkår i hovudbank er ved utgangen av 2017 3 mnd. Nibor + 50 basispunkter (act/360) for innskot over 31 dagar og 3 mnd. Nibor + 35 basispunkter (act/360) på løpande driftslikviditet. Pr. 31.12.17 var 3 mnd. Nibor på 0,81%.

**Langsiktige finansielle aktiva**

Dette er midlar som ikkje må reknast som ledige likvider eller andre midlar berekna til driftsformål, og som ut frå kommunen sin økonomiske situasjon kan sjåast forsvarleg å forvalte med ein lang tidshorisont med noko mindre fokus på kortsiktige marknadssvingingar. Dette kan være midlar på ubundne investeringsfond, deler av disposisjonsfondet og midlar som er vedteke avsett til fond og som ikkje skal brukast til finansiering av aktiva på kort sikt. I Aukra kommune er fond for fastlandsløysing vurdert å være kommunen sine langsiktige finansielle midlar.

Langsiktige finansielle aktiva er plassert delvis i bank og delvis i andre aktiva klassar. Rådmannen har etter fullmakter i reglement for finansforvaltning sitt punkt 5.3 inngått avtale om forvaltning av kommunen sin langsiktig aktiva med kr. 20 mill. i Sparebank 1 kapitalforvaltning og 10 mill. i Sparebanken Møre Markets - aktiv forvaltning. Resten av kommunens langsiktige aktiva er pr. 31.12.2017 plassert i bankinnskot saman med dei meir kortsiktige aktivane.

I referatsak til FSK 05.03.-18 og KS 13.03-18 om Aukra kommune si finansforvaltning vart det informert om at plassering hos eksterne forvaltarar i 2018 blir auka med kr 300. mill. gjort med ein lang tidshorisont.

Avkasting på kommunen si plassering hos eksterne forvaltarar er slik:

- Sparebanken Møre har i 2017 ei avkastning på porteføljen på 9,00% mot ein referanseindeks på 5,14%. Verdien har auka med kr. 940.387,- sidan årsskiftet etter at honorar på kr 56.637,- er dekt.

- Allegro kapitalforvalting har i 2017 ei avkasting på 5,51% mot ein referanseindeks på 4,55%. Verdien har auka med kr. 1.198.219,- i 2017 etter at honorar på kr. 114.849,- er dekt.

Samla urealisert gevinst for 2017 på finansielle instrumenter på kr. 2.138.606,-. Det var for 2017 budsjettert med ei samla avkasting kr. 1.200.000,-.

Renteinntekter på bankinnskota for 2017 er kr 5.743.423,- Budsjetterte renteinntekter for 2017 kr 4.334.216,-. Det gjev eit positivt avvik på kr 1.409.207,-.

Forvaltinga av kommunen sin likviditet er i tråd med finansreglementet.

### Hovudbankavtale

Aukra kommune har hovudbankavtale med Sparebanken 1 SMN som i løpet av 2018 skal vurderast for nytt anbod.

### Gjeld

For kommunen si lånegjeld pr. 31.12.2017 er følgjande parameter slik:

| | 31.12.2017 | 31.12.2016 | Endring |
|---|---|---|---|
| **Gjeld (tal i tusen)** | | | |
| Samla gjeld | 448 | 374 | 74 |
| Nettogjeld | 420 | 349 | 71 |
| Nettogjeld pr innbyggjar | 119 | 98 | 21 |
| **Renter** | | | |
| Andel fastrente av samla gjeld | 14,3 | 18,4 | -4,1 p |
| Vekta rentebinding samla gjeld (år) | 0,8 | 1,3 | -0,5 |
| Budsjettert rentekostnad | 6,5 | 5,9 | 0,6 |
| Estimert rentekostnad | 7,8 | 5,9 | 1,9 |
| Stresstest av samla gjeld (1% renteauke) | 3,8 | 3,0 | 0,8 |
| **Likviditet** | | | |
| Vekta løpetid (år) | 12,7 | 12,8 | -0,1 |
| Lån som må refinansierast innen 12 mnd | 0,0 | 0,0 | 0,0 |

*Renter med løpetid over ett år er definert som fast rente. Netto gjeld er samla gjeld redusert med startlån*

Kommunen har til saman 16 lån fordelt på 3 låneinstitusjonar:

- Kommunalbanken (353 mill. kroner), består av 4 lån, der største lån er på 100 mill. kroner.

- Kommunal Landspensjonskasse (eitt lån på kr. 65 mill. kroner)
- Husbanken (28 mill. kroner) som i hovudsak består av startlån (lån til vidare utlån)

Lån som belastar kommunekassa er pr. 31.12.17 på kr. 268 mill. og er då redusert med lån til vidareutlån (kr. 27 mill) , lån til VARFS- føremål grunnlag (131 mill.) og grunnlag for rentekompensasjon frå staten grunnlag (17 mill). Gjennomsnittleg løpetid på kommunen sin gjeldsportefølje er 12,7 år. Stresstest viser at ei auke i renta med 1 % aukar dei årlege rentekostnadar med om lag 3,8 mill. kroner.

Kommunen si finansforvaltning er ikkje i samsvar med gjeldande finansregelverk når det gjeld andel lån med faste renter pr. 31.12.17. Kommunen skal revidere finansreglementet før sommaren 2018, det vil då bli teke ei ny vurdering av reglane rundt fastrentedel. Administrasjonen vil då rå til lågare del med fastrente, då ein føresett at ei renteauke på kommunen si gjeld vil bli dekt opp av auka avkasting på kommunen sin likviditet. Vidare er kommunen sin økonomi solid, slik at ein ikkje treng denne sikringa mot auka renteutgifter.

**Administrative konsekvensar:**

Kommunen sitt reglement for finansforvalting må reviderast i løpet av våren 2018. Vidare må avtale om hovudbank vurderast for eventuelt nytt anbod.

**Økonomiske konsekvensar:**

Ingen

| | |
|---|---|
| Ingrid Husøy Rimstad<br>Rådmann | Erna Varhaugvik<br>Økonomisjef |

# Aukra kommune

# Finansrapport

# 3. tertial 2017

***I samarbeid med SpareBank 1 SMN***

31.12.2017

**1 Avvik mellom faktisk forvaltning og kravene i finansreglementet** 1
1.1 Kortsiktig, aktiva 1
1.2 Langsiktig, aktiva 1
1.3 Passiva 1
**2 Ledig likviditet og andre midler beregnet til driftformål** 2
2.1 Likviditetsoversikt 2
2.2 Plassering av ledig likviditet 2
2.3 Endring i riskoeksponering 2
2.4 Sammensetning av ledig likviditet 3
**3 Langsiktig aktiva** 4
3.1 Sammensetning 4
3.2 Endring i risikoeksponering 4
3.3 Sammensetning og endring i risikoeksponering 4
**4 Avkastning på aktiva** 5
4.1 Langsiktig aktiva 5
4.2 Kortsiktig likviditet 5
4.3 Nøkkeltall 5
**5 Sammensetning av lån** 6
5.1 Lån fordelt på lånekilder 6
5.2 De 10 største enkeltlån (andel i %) 6
5.3 Endring i sammensetning av lån 6
5.4 Sammensetning av gjeldsporteføljen 7
**6 Løpetid for passiva** 8
6.1 Vektet løpetid på lån 8
6.2 Lån som må refinansieres 8
6.3 Avdrag på lån 8
**7 Verdi på lån** 9
7.1 Markedsverdi 9
7.2 Bokført verdi og markedsverdi 9
**8 Vesentlige markedsendringer** 10
8.1 Finansielle nøkkeltall 10
8.2 Historisk renteutvikling 10
8.3 Den norske rentekurven 10
**9 Endringer i låneporteføljens risikoeksponeringen** 11
9.1 Nøkkeltall for risikoeksponering 11
9.2 Stresstest (1 % renteøkning) 11
9.3 Andel fast rente av samlet gjeld 11
9.4 Vektet rentebinding samlet gjeld 12
9.5 Rentekostnad innværende år 12
9.6 Netto gjeld per innbygger 12
**10 Markedsrenter og egne rentebetingelser** 14
10.1 Egne rentebetingelser 14
10.2 Markedsrenter 14
**11 Vedlegg** 15
11.1 Eksisterende lån 15
11.2 Eksisterende Rentekontrakter 16
11.3 Konfidensialitet og disclaimer 17
11.4 Rapportens grunnlag 17
11.5 Definisjoner og beregninger 18
11.6 Kontaktpersoner - SpareBank 1 18

# Hovedoversikt




| | | 31.12.2017 | 31.12.2016 | Endring |
|---|---|---|---|---|
| | **Samlet gjeld** | **448** | **374** | **74** |
| - | Lån med rentedekning | 175 | 136 | 39 |
| - | Ledig likviditet | 155 | 254 | -99 |
| - | Lån med fast rente | 64 | 69 | -5 |
| = | **Netto renterisko** | **54** | **-84** | **138** |

## Nøkkeltall

| | **31.12.2017** | **31.12.2016** | **Endring** |
|---|---|---|---|
| Stresstest netto renterisko (1% renteendring) | 0,5 | 0,0 | 0,5 |
| Vektet lengde på faste renter | 5 år, 7 mnd | 6 år, 7 mnd | -12 mnd |
| Løpetid på lån | 12 år, 8 mnd | 12 år, 9 mnd | -1 mnd |
| Lån som må refinansieres innen 12 måneder | 0 | 0 | 0 |
| Langsiktig aktiva | 325 | 206 | 119 |

** Renter med løpetid over ett år er definert som fast rente*

## Kommentar

Styringsrenta har vore uendra, på eit svært lågt nivå, over lang tid. I Norges Bank sitt rentemøte 15. mars vart denne heller ikkje endra, men det vart signalisert at ut frå utsiktene og risikobildet, vil styringsrenta mest truleg bli sett opp etter sommaren i år. Ny oppdatert rentekurve viser no at ein ventar ein tidligare renteoppgang enn det som var føresett i Pengepolitiskrapport nr. 4/17. Renten ventes so å bli gradvis heva til om lag 2 prosent ved utgangen av 2021. Dette er omlag 0,5 prosent høgare enn føresett i økonomiplan 2018 - 2021.

Ledig likviditet er lik kommunen sin kortsiktige aktiva. Ut frå gjeldande politiske vedtak er Fond for fastlandsløysing rekna som langsiktig aktiva. Politisk er det enno ikkje teke stilling til om avkastning av desse skal reinvesterast og auke avsettinga til fond for fastlandsløysing eller gå inn som mogeleg finansiering av kommunen si drift. Dette blir ei problemstilling som blir løfta til politisk vurdering gjennom revidering av kommunen sitt økonomireglement.

Oversikt viser at sjølv med denne føresetnaden er kommunen godt sikra i forhold til auka rentenivå, noko som talar for at det ikkje er grunn for sikring gjennom fast rente.

# 1 Avvik mellom faktisk forvaltning og kravene i finansreglementet

## 1.1 Kortsiktig, aktiva

| | Ja | Nei |
|---|---|---|
| Det er vedtatt rammer for forvaltning | ✓ | |
| Forvaltning av ledig likviditet er i henhold til finansreglementet | ✓ | |

## 1.2 Langsiktig, aktiva

| | Ja | Nei |
|---|---|---|
| Kommunen har langsiktig finansiell aktiva | ✓ | |
| Det er vedtatt rammer for forvaltning | ✓ | |
| Det utarbeides egen rapport | ✓ | |
| Forvaltning er i henhold til finansreglement | ✓ | |

## 1.3 Passiva

| | Finansreglement | | | Faktisk forvaltning | |
|---|---|---|---|---|---|
| | Krav | Min | Maks | 31.12.2017 | 31.12.2016 |
| Største enkeltlån (pst av samlet gjeld) | ✓ | | 40 % | 22 % | 24 % |
| Andel faste renter av samlet gjeld | ✓ | 25 % | 75 % | 14 % | 18 % |
| Andel faste renter av netto gjeld | | | | 15 % | 21 % |
| Andel faste renter av lån som belaster kommunekassen | | | | 24 % | 31 % |
| Vektet rentebinding (år) | ✓ | 1,0 | 10,0 | 0,8 | 1,3 |
| Lån som må refinansieres innen 1 år (andel av samlet gjeld) | | | | 0 % | 0 % |
| Renter og avdrag som andel frie inntekter | | | | 7,7 % | 8,3 % |

### Kommentar

Kommunen har eit vedteke reglement for si finansforvalting, sist revidert den 10.03.2014.
i følgje Forskrift om kommuners og fylkeskommuners finans- og gjeldsforvaltning skal reglementet vedtakast minst ein gong i kvar kommunestyre- og fylkestingsperiode. Reglement vil bli lagt fram for politisk handsaming innan sommaren i år.

Som det går fram i tabellen ovanfor har kommunen krav på 3 av dei sju tilrådde punkta i sitt reglement.

Kommunen si forvalting er i dag i konflikt med kor stor del av samla gjeld som skal ha fast renter. Frå administrasjonen vil det bli innarbeidd endring knytt til dette punktet i finansreglementet jfr. kommentarar til hovudoversikta i rapporten.

# 2 Ledig likviditet og andre midler beregnet til driftformål

## 2.1 Likviditetsoversikt




## 2.2 Plassering av ledig likviditet




## 2.3 Endring i riskoeksponering




## Kommentar

Kommunen sin likviditet har hatt ei svak auke i løpet av 2017.

Samtidig har kr. 88 mill. av kommunen sine investeringar blitt finansiert ved bruk av tidligare avsette midlar på disposisjonsfond.

## 2.4 Sammensetning av ledig likviditet




| | | 31.12.2017 | 31.12.2016 | Endring |
|---|---|---|---|---|
| | **Ledig likviditet** | **155** | **254** | **-99** |
| - | Ubrukte lånemidler | 4 | 15 | -11 |
| - | Disposisjonsfond | 88 | 363 | -275 |
| - | Bundne Driftsfond | 14 | 0 | 14 |
| - | Bundne Investeringsfond | 0 | 21 | -21 |
| - | Ubundne Investeringsfond | 5 | 0 | 5 |
| = | **Øvrig likviditet** | **44** | **-145** | **189** |

## Kommentar

Ved rapportering 31.12.-16 var ikkje fond for fastlandsløysing trekt ut av disposisjonsfondet i oversikta over. Fond for fastlandsløysing var då kr 204 mill. Korrigert øvrig likviditet pr 31.12.-16 er då kr 59 mill. Endring i øvrig likviditet er då kr 15 mill.

# 3 Langsiktig aktiva

## 3.1 Sammensetning




## 3.2 Endring i risikoeksponering




## 3.3 Sammensetning og endring i risikoeksponering

| | 31.12.2017 | 31.12.2016 | Endring |
|---|---|---|---|
| Hovedbank | 260 | 174 | -86 |
| Andre banker | 30 | 0 | -30 |
| Pengemarkedet | 12 | 11 | -1 |
| Obligasjoner | 15 | 14 | 0 |
| Aksjer, Norge | 4 | 4 | 0 |
| Aksjer, utlandet | 4 | 3 | 0 |
| Annet | 0 | 0 | 0 |
| **Sum** | **325** | **206** | **-119** |

## Kommentar

Langsiktig aktiva er vurdert å være kommunen sitt fond for fastlandsløysing. Denne oversikta viser plasseringa av denne likviditeten inklusiv avkasting.

# 4 Avkastning på aktiva

## 4.1 Langsiktig aktiva




## 4.2 Kortsiktig likviditet




## 4.3 Nøkkeltall

| | 31.12.2017 | 31.12.2016 | Endring |
|---|---|---|---|
| Norges Bank styringsrente | 0,50 % | 0,50 % | 0 p. |
| 3 mnd. nibor | 0,81 % | 1,17 % | -36 p. |
| Budsjettert rente (%) | 1,50 % | 1,52 % | -2 p. |
| Oslo Børs (OSEBX) -indeks | 814 | 684 | 16,0 % |
| Oljepris (brent spot) | 66,9 $ | 56,8 $ | 10,1 $ |

## Kommentar

Aukra kommune har noko høgare avkasting både på midlar plassert i bank og hos ekstern forvaltar.
Det er ei god prosentavkasting hos kommunen sine eksterne forvaltarar som gjev ei auka avkasting på den langsiktige likviditeten.
Vilkår i hovudbank er ved utgangen av 2017, 3 mnd. Nibor + 50 basispunkter (act/360) for innskot over 31 dagar og 3 mnd. Nibor + 35 basispunkter (act/360) på løpande driftslikviditet. Pr. 31.12.17 var 3 mnd. Nibor på 0,81%.

# 5 Sammensetning av lån

## 5.1 Lån fordelt på lånekilder




## 5.2 De 10 største enkeltlån (andel i %)




## 5.3 Endring i sammensetning av lån

| Lånekilder | 31.12.2017 | 31.12.2016 | Endring |
|---|---|---|---|
| Kommunalbanken | 353 | 277 | 76 |
| Husbanken | 29 | 27 | 2 |
| KLP | 65 | 70 | -5 |
| Banklån | 0 | 0 | 0 |
| Obligasjoner | 0 | 0 | 0 |
| Sertifikater | 0 | 0 | 0 |
| Andre | 0 | 0 | 0 |
| **Sum** | **448** | **374** | **74** |

## Kommentar

I tråd med vedtak i budsjett for 2017 er det teke opp eit nytt lån på kr 100 mill. Gjennomført anbudskonkurranse viste at Kommunalbanken hadde det beste tilbodet, sjølv om det skilte svært lite mellom dei og KLP. Nytt lån er derfor teke opp hos Kommunalbanken. Vilkår for låneopptak var 3 mnd NIBOR pluss en flytende margin på 0,60 %. Avdrag på lån i 2017 var på kr 28,6 mill.

## 5.4 Sammensetning av gjeldsporteføljen




| | | 31.12.2017 | 31.12.2016 | Endring |
|---|---|---|---|---|
| | **Samlet gjeld** | **448** | **374** | **74** |
| - | Videreutlån | 27 | 24 | 3 |
| - | Ubrukte lånemidler | 4 | 15 | -11 |
| = | **Netto gjeld** | **416** | **335** | **81** |
| - | VARFS-formål (grunnlag) | 131 | 94 | 37 |
| - | Rentekompensasjon fra Staten (grunnlag) | 17 | 18 | 0 |
| = | **Lån som belaster kommunekassen** | **268** | **223** | **45** |

## Kommentar

I 2017 vart det teke opp nye formidlingslån med kr 4 mill. Ved starten av året var det kr 2,4 mill. i ubrukte formidlingslån, og i løpet av året har det vore utlån med kr 2,2 mill. Ubrukte lån til vidare utlån er ved utgangen av året på kr 4,2 mill.

Rentekostnad på lån nytta til finansiering av sjølvkostområda er sikra gjennom dekning av renteutgiftene i gebyrfastsettinga.

I netto gjeld er det her hensyntatt ubrukte lånemidlar på kr 4 mill.

# 6 Løpetid for passiva

## 6.1 Vektet løpetid på lån




*Kommentar*

Nye lån har dei siste åra vore teke opp med avtalt nedbetalingstid på 15 år. Vekta løpetid for kommunen si samla lånegjeld er pr. utgangen av 2017 på 12,7 år. Dersom det skulle bli behov ved f.eks. bortfall eller stor reduksjon i eigedomsskatt har ein her eit handlingsrom for å lette den økonomiske belastinga av finansutgiftene.

## 6.2 Lån som må refinansieres




*Kommentar*

Kommunen har ingen lån som skal reforhandlast dei neste 12 månadane.

## 6.3 Avdrag på lån




*Kommentar*

# 7 Verdi på lån

## 7.1 Markedsverdi




## 7.2 Bokført verdi og markedsverdi

| | Bokført verdi | Markedsverdi |
|---|---|---|
| Banklån - flytende rente | -384 | -384 |
| Banklån - fast rente | -64 | -66 |
| Obligasjoner - flytende rente | 0 | 0 |
| Obligasjoner - fast rente | 0 | 0 |
| Sertifikater | 0 | 0 |
| Rentebytteavtaler | 0 | 0 |
| **Sum** | **-448** | **-450** |

# Kommentar

Kommunen sin gjeldssituasjon gjev lite behov for sikring av fremtidig auke i rentenivå. Finansreglementet vil derfor bli føreslått endra til at nedre grense for fastrentelån er lik 0.

# 8 Vesentlige markedsendringer

## 8.1 Finansielle nøkkeltall

| | 31.12.2017 | 31.12.2016 | Endring |
|---|---|---|---|
| Norges bank styringsrente | 0,50 % | 0,50 % | 0 p. |
| 3 mnd. Nibor | 0,81 % | 1,17 % | -36 p. |
| 3 års fast rente | 1,28 % | 1,36 % | -8 p. |
| 5 års fast rente | 1,54 % | 1,56 % | -2 p. |
| 10 års fast rente | 1,94 % | 1,95 % | -1 p. |
| 5 års statsobligasjoner | 1,15 % | 1,18 % | -3 p. |
| Oslo Børs (OSEBX) -indeks | 814 | 684 | 16,0 % |
| S & P 500 - indeks | 2 674 | 2 239 | 16,3 % |
| EUR/NOK (kroner pr. eruo) | 9,84 | 9,09 | 7,6 % |
| USD/NOK (kroner pr. usd) | 8,20 | 8,64 | -5,4 % |
| Oljepris (Brent spot) | 66,9 $ | 56,8 $ | 10,1 $ |

## 8.2 Historisk renteutvikling




*Kommentar*

- Norges Bank har holdt styringsrenten uendret siden 2016, men prognostiserer at den første renteøkningen kommer i 4. kvartal 2018.
- 5 års renter er i perioden 31.12.2016 til 31.12.2017 tilnærmet uendret, men renten har økt kraftig så langt i 2018.
- De lange rentene er fortsatt på et lavt nivåhistorisk sett og spesielt om vi tar hensyn til inflasjonen og ser på realrentene.

## 8.3 Den norske rentekurven




*Kommentar*

- Inflasjonsmålet til Norges Banker er fortsatt 2,50 %. Markedet priser med andreord en lav rente «til evig tid».
- Fra 31.12.2016 til 31.12.2018 har det vært en liten nedgang i de korte rentene, mens prisen på lengre renter har vært uforandret
- Markedet ligger noe over Norges Banks gamle kurve. Dennorske FRA-kurven har løftet seg mye siden forrige rentemøte.

# 9 Endringer i låneporteføljens risikoeksponeringen

## 9.1 Nøkkeltall for risikoeksponering

| Renterisiko | 31.12.2017 | 31.12.2016 | Endring |
|---|---|---|---|
| Stresstest av samlet gjeld (1% renteøkning) | 3,8 | 3,0 | 0,8 |
| Andel fast rente av samlet gjeld | 14 % | 18 % | -4 p. |
| Vektet rentebinding samlet gjeld (år) | 0,8 | 1,3 | -0,4 |
| Estimert rentekostnad | 7,8 | 5,9 | 1,9 |
| Budsjettert renterkostnad | 6,5 | 5,9 | 0,7 |
| **Likviditetsrisiko** | | | |
| Lån som må refinansieres innen 12 måneder | 0 | 0 | 0 |
| Vektet løpetid (år) | 12,7 | 12,8 | -0,1 |
| **Gjeld** | | | |
| Netto gjeld (mill. kroner) | 443 | 359 | 84 |
| Netto gjeld per innbygger (tusen kroner) | 118 | 101 | 17 |

## 9.2 Stresstest (1 % renteøkning)




*Kommentar*

Stresstest viser at auke i rente med 1 % gjev auka utgifter med kr. 3,8 mill. Renteauke vil ut i frå signal i Norges bank sitt rentemøte den 15.3.18 bli noko høgare enn 1%. Likevel gjev dette, isolert sett, i forhold til kommunen si langsiktige økonomiplanlegginga for 2018 til 2021 ikkje grunn til uro.

## 9.3 Andel fast rente av samlet gjeld




*Kommentar*

I brudd med finansreglement pr. idag. Dette vil bli føreslått endra slik at finansforvaltinga då igjen er i samsvar med vedteke reglement.

## 9.4 Vektet rentebinding samlet gjeld




*Kommentar*

## 9.5 Rentekostnad innværende år




*Kommentar*

Noko lågare rentekostnad enn budsjettert, då ein stipulerte noko høgare rentenivå i budsjett for 2017 enn det som vart realitet.

## 9.6 Netto gjeld per innbygger




*Kommentar*

Aukra kommune har ei svært høg gjeld pr. innbyggjar, noko som isolert sett er grunn til bekymring. Sidan kommunen har svært høge årlege brutto driftsinntekter er dette eit nivå som kommunen likevel forsvarer godt innanfor sitt økonomiske handlingsrom.

# 10 Markedsrenter og egne rentebetingelser

## 10.1 Egne rentebetingelser

| | Rentesats | Vektet årlig rentebinding (år) | Benchmark |
|---|---|---|---|
| Budsjettert rente | 1,66 % | | |
| Gjennomsnittlig rente | 1,83 % | 0,84 | 1,10 % |
| Lån med flytende rente | 1,29 % | 2 uker | 0,95 % |
| Lån med fast rente | 2,42 % | 5,62 | 1,74 % |
| Rentebytteavtaler | 0,00 % | 0,00 | 0,95 % |

## 10.2 Markedsrenter

| | 31.12.2017 | 31.12.2016 | Endring |
|---|---|---|---|
| Norges Bank styringsrente | 0,50 % | 0,50 % | 0 p. |
| 3 mnd. Nibor | 0,81 % | 1,17 % | -36 p. |
| 3 års fast rente | 1,28 % | 1,36 % | -8 p. |
| 5 års fast rente | 1,54 % | 1,56 % | -2 p. |
| 10 års fast rente | 1,94 % | 1,95 % | -1 p. |
| 5 års statsobligasjoner | 1,15 % | 1,18 % | -3 p. |

# Kommentar

# 11 Vedlegg

## 11.1 Eksisterende lån

| Nr | Långiver/lånenr | Rentetype | Hovedstol | Rente | Forutsigbar rente | Løpetid lån |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 1 | Husbanken_146113832 | p.t. | 1 169 770 | 1,520 % | 14 d | 5 år |
| 2 | Kommunalbanken_20110767 | p.t. | 36 000 000 | 1,760 % | 14 d | 8 år, 11 mnd |
| 3 | Kommunalbanken_20120542 | p.t. | 80 000 020 | 1,760 % | 14 d | 9 år, 11 mnd |
| 4 | Kommunalbanken_20130718 | NIBOR 3M | 73 333 340 | 2,300 % | 14 d | 10 år, 11 mnd |
| 5 | Kommunalbanken_20150344 | Fast | 64 009 740 | 2,420 % | 5 år, 7 mnd | 13 år, 1 mnd |
| 6 | KLP_8317.54.62158 | p.t. | 65 333 332 | 1,650 % | 14 d | 13 år, 8 mnd |
| 7 | Husbanken_149329062 | p.t. | 610 200 | 1,520 % | 14 d | 4 år, 2 mnd |
| 8 | Husbanken_146289996 | p.t. | 2 830 529 | 1,520 % | 14 d | 12 år, 10 mnd |
| 9 | Husbanken_146307319 | p.t. | 288 265 | 1,520 % | 14 d | 14 år, 5 mnd |
| 10 | Husbanken_146326533 | p.t. | 3 763 261 | 1,520 % | 14 d | 17 år, 5 mnd |
| 11 | Husbanken_146332838 | p.t. | 4 026 512 | 1,520 % | 14 d | 18 år, 6 mnd |
| 12 | Husbanken_146338504 | p.t. | 4 252 203 | 1,520 % | 14 d | 12 år, 10 mnd |
| 13 | Husbanken_14634502 | p.t. | 5 000 000 | 1,520 % | 14 d | 20 år, 7 mnd |
| 14 | Husbanken_14636151 | p.t. | 3 000 000 | 1,520 % | 14 d | 22 år, 5 mnd |
| 15 | Husbanken_00000000 | p.t. | 4 000 000 | 1,600 % | 14 d | 24 år, 6 mnd |
| 16 | Kommunalbanken_800063 | NIBOR 3M | 100 000 000 | 1,410 % | 14 d | 14 år, 11 mnd |

## 11.2 Eksisterende Rentekontrakter

| Nr | Kontraktsnummer | Hovedstol | Fastrente | Start dato | Gjenstående løpetid |
|---|---|---|---|---|---|
| No results | | | | | |

## 11.3 Konfidensialitet og disclaimer

Rapporten er konfidensiell. Distribusjon til andre enn kommunens administrasjon og styre må godkjennes av SpareBank 1 SMN.

## 11.4 Rapportens grunnlag

Forskrift om kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning setter rammene for rapportering av gjeldsforvaltningen.

Gjeldsrapporten gir et statusbilde av kommunens gjeldsforvaltning.

Gjeldsrapporten med unntak av kommentarer er utarbeidet av SpareBank 1 SMN, på oppdrag fra kommunen. Informasjon og innrapporterte tall fra kommunen danner grunnlaget for rapporten.

## 11.5 Definisjoner og beregninger

| Begrep | Definisjon |
|---|---|
| Andel fast rente | Andel fast rente er beregnet som andel av samlet gjeld. |
| Anslått rentekostnad | Anslått rentekostnad er beregnet med utgangspunkt i kommunens gjeldsportefølje (forventet utvikling kommende 12 mnd.), løpende renteavtaler og markedsrenter (forventet utvikling kommende 12 mnd.). |
| Avdrag på lån inneværende år | Avdrag på lån inneværende år gir en oversikt over kommunens budsjetterte avdrag samt kommunens beregning av minimumsavdrag. |
| Benchmark - rente | Referanserente eller sammenlignbar rente i dagens marked. Benchmark er basert på gjeldende rentekurve ved rapporteringstidspunkt og angitt varighet/lengde på renten en ønsker en sammenligning av. Bechmark rente er uten kredittmargin. Ved sammenligning av egen rentebetingelse og Benchmark rente, må kommunen legge til kredittmargin for at de to rentene skal være sammenlignbare. |
| Eksternfinansiert kapital | Med eksternfinansiert kapital menes den delen av gjeldsporteføljen som er selvfinansierende ved at kapitalkostadene dekkes av kommunale gebyrer, husleieinntekter, refusjoner og statlige tilskuddsordninger, beregnet som summen av VARFS-grunnlaget og grunnlag for rentekompensasjon fra staten. |
| Fast rente | Renter med løpetid over ett år er definert som fast rente. Renter på lån og finansielle instrumenter er inkludert i beregningen. |
| Flytende rente | Renter med løpetid under ett år er definert som flytende rente. Renter på lån og finansielle instrumenter er inkludert i beregningen. P.t.-lån er definert som flytende rente. |
| Gjennomsnittlig rente | Gjennomsnittlig rente er beregnet som et veid gjennomsnitt av rentesatser på lån og finansielle instrumenter. |
| Kredittmargin | Med kredittmargin menes det rentepåslag långiver har på markedsrentene. |
| Lån som belaster kommunekassen | Med lån som belaster kommunekassen menes kommunens samlede innlån fratrukket videre utlån, ubrukte lånemidler og eksternfinansiert kapital. |
| Lån til investeringsformål | Lån til investeringsformål er kommunens samlede innlån fratrukket videre utlån. |
| Markedsrente | Generelt uttrykk for rentenivået på ulike løpetider i markedet. |
| Netto gjeld | Med netto gjeld menes kommunens samlede innlån fratrukket videre utlån og ubrukte lånemidler. |
| Netto gjeld pr. innbygger | Netto gjeld pr. innbygger er beregnet som netto gjeld dividert på antall innbyggere i kommunen. |

| Begrep | Definisjon |
|---|---|
| Nibor | Norwegian Interbank Offered Rate. Den renten som norske banker låner penger til seg i mellom. |
| Refinansiering kommende 12 mnd. | Refinansiering kommende 12 måneder er beregnet som den delen av gjelden som skal refinansieres, typisk rullerende sertifikater og obligasjoner. Avdrag på lån er ikke inkludert i beregningen. |
| Rentekompensasjon fra staten (grunnlag) | Kommuner og fylkeskommuner kan søke om å få kompensert renteutgifter til utvalgte formål, herunder kirkebygg og skolebygg. Rentekompensasjon utbetales etterskuddsvis og beregnes på grunnlag av rentekostnader etter et tilsvarende husbanklån med flytende rente over 20 år med 5 års avdragsfrihet. Kommunen beregner seg frem til hva grunnlaget for rentekompensasjon er, og implementerer dette i inputarket. Avdragene må kommunen dekke selv. |
| Samlet gjeld | Med samlet gjeld menes kommunens totale innlån, eksklusive eventuelle pensjonsforpliktelser. |
| Stresstest (1 %) | Rentefølsomhet er et uttrykk for hvor mye kommunens årlige rentekostnader øker med dersom renten økes med 1 %. Beregningen tar utgangspunkt i kommunens samlede lån og finansielle instrumenter på rapporteringstidspunktet. |
| Ubrukte lånemidler | Med ubrukte lånemidler menes midler som står på bankkonto i påvente av en investering / forbruk. |
| VARFS-formål (grunnlag) | Med VARFS-formål (grunnlag) menes den delen av gjeldsporteføljen relatet til vann, avløp, renovasjon, feiing og slam som er selvfinansierende ved at kapitalkostnadene dekkes av kommunale gebyrer. |
| Vektet løpetid | Uttrykk for vektet gjennomsnittlig løpetid (tid til forfall) på rentepapirer (kapitalstrømmer på lån og finansielle instrumenter) eller en portefølje av rentepapirer. Benevnes også som durasjon på låneporteføljen. |
| Vektet rentebinding | Uttrykk for vektet gjennomsnittlig løpetid (tid til forfall) på rentepapirer (rentebinding på lån og finansielle instrumenter) eller en portefølje av rentepapirer. Benevnes også som durasjon på rentebindingen. |
| Videre utlån - andre | Lån som kommunen har tatt opp for videre utlån til virksomheter utenfor kommunekassen. |
| Videre utlån - startlån | Lån som kommunen har tatt opp i Husbanken for videre utlån (startlånsordningen). |

## 11.6 Kontaktpersoner - SpareBank 1

| Navn | Ansvarsområde | Virksomhet | E-mail | Telefonnummer |
|---|---|---|---|---|
| Stig Ove Gravdal | fagansvar kommuner | SpareBank 1 SMN | stig.ove.gravdal@smn.no | 93 44 99 44 |
| Robert Ness | rentesikring | SpareBank 1 Markets | robert.ness@smn.no | 95 80 63 38 |

Aukra kommune si Eigarmelding vart revidert i kommunestyret 11.10.2016 sak 80/16. Dette er informasjonen som står i Eigarmeldinga om Molde og Romsdal Hamn ISK

**Molde og Romsdal Hamn IKS**

Formål: samordne og drift av havne- og kaianlegg

Eigarar: Kommunane Aukra, Molde, Midsund, Fræna, Nesset, Rauma, Vestnes. Aukra kommune eig 12%.

Styreleiar: Ottar Johan Aare
Styret: Ragna Kristin Brenne Bjerkeset, Hans Skiri, Ingrid Thorn, Jan Erik Nerland, Olav Sjøvik, Audhild Mork

Kommunen sin eigarstrategi:
Eigarskapet er langsiktig og samfunnsøkonomisk motivert.
Det blir ikkje utbetalt utbytte frå selskapet.

| | |
|---|---|
| **AUKRA KOMMUNE** | Saksmappe: 2018-1547/03 |
| **Kontrollutvalet** | Arkiv: 216 |
| | Saksbehandlar: Jane Anita Aspen |
| | Dato: 2.5.2018 |

# Saksframlegg

| Utvalssaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| PS 15/18 | Kontrollutvalet | 8.5.2018 |

## REKNESKAPSREVISJON. PRESENTASJON ÅRSOPPGJER 2017

### Sekretariatet si tilråding

Kontrollutvalet tar revisjonen sin rapport frå årsoppgjeret 2017 til orientering.

Kontrollutvalet ber revisjonen melde tilbake til kontrollutvalet om atterhald, merknadar og forslag til forbetringar blir følgt opp av administrasjonen.

### Bakgrunn for saka

Med heimel i kommunelova § 77 nr. 4, skal kontrollutvalet påsjå at kommunen sitt årsrekneskap blir revidert på en trygg måte, under dette å halde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påsjå at det skjer i samsvar med dei reglar som følgjer av lov og forskrift. Dette skjer bl.a. ved at revisor melder om sitt arbeid til kontrollutvalet.

Kontrollutvalet har fått følgjande orienteringar frå oppdragsansvarlig revisor:

- Kommunikasjons-/revisjonsplan 2017 i møte 27.09.17, sak 25/17.
- Interimsrapport rekneskapsrevisjon – revisjonsåret 2017 i møte 15.2.18, sak 03/18.

Etter oppdragsavtalen som er inngått mellom kontrollutvalet og Møre og Romsdal Revisjon IKS, skal revisjonen også rapportere til kontrollutvalet etter utført årsoppgjersrevisjon.

### VURDERING

Revisjonen har no avslutta sin revisjon av årsrekneskapet til Aukra kommune for rekneskapsåret 2017. Revisjonen har utarbeida ei revisjonsberetning datert 30.4.2018 med atterhald. Revisjonen har gjennom sitt revisjonsarbeid og også observert forbetringsforhold, som ikkje har innverknad på revisjonsberetninga. Revisjonen vil i dette møte orientere om utført revisjonsarbeid og summere opp atterhald, forbetringspunkt og merknader.

Kontrollutvalet må i det vidare arbeidet sjå til at revisor sine atterhald, merknadar og forslag til forbetringar blir følgt opp av administrasjonen.

Jane Anita Aspen
daglig leder

**AUKRA KOMMUNE**
**Kontrollutvalet**

Saksmappe: 2018-1547/03
Arkiv: 210&13
Saksbehandlar: Jane Anita Aspen
Dato: 2.5.2018

## Saksframlegg

| Utvalssaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| PS 16/18 | Kontrollutvalet | 8.5.2018 |

### AUKRA KOMMUNE. ÅRSREKNESKAP FOR 2017

**Sekretariatet sitt forslag til fråsegn**

Kontrollutvalet har i møte 3.5.2018, sak 16/18, handsama Aukra kommune sin årsrekneskap for 2018.

Grunnlaget for handsaminga har vore Årsrapport 2017 inkludert årsrekneskap, revisjonsmelding med atterhald, datert 30. april 2018. I tillegg har revisjonen og rådmann/økonomisjef supplert utvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar.

Revisjonen skreiv også ei revisjonsmelding 12.4.2018 om at rådmannen ikkje hadde lagt fram ei fullstendig årsmelding innan fristen 31.3.2018.

Årsrekneskapen inneheld dei oppstillingane som lovkrava seier at rekneskapen skal innehalde.

Aukra kommune sitt driftsrekneskap for 2017 viser kr 276 735 000,.- til fordeling til drift, og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 2 467 000.-. Etter revisjonen si vurdering burde det vore gjort ein reduksjon med kr 3 448 013.- på grunn av endeleg avslag på tilskot frå IMDI Integrerings og mangfolds direktoratet og kr 2 234 562.- grunna manglande dokumentasjon av innvilga tilskot. Dette ville medført at ein ville gått frå eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 2 467 493.- til eit meirforbruk på kr 3 215 365.-.

Netto driftsresultat er positivt med kr 120 941 000.-. Med endringa beskrive over, så ville netto driftsresultat blitt kr 115 258 403.-.

Årets bruk av disposisjonsfond i driftsrekneskapen er på 5,2 mill. kroner. Disposisjonsfondet pr. 31.12.17 er på kr 411 845 613.-. Av dette utgjer Fond for Fastlandsløysing kr 324 738 639.-.

Nokre einingar har hatt mindreforbruk, og nokre einingar har hatt utfordringar med å halde budsjettet i 2017. Utvalet har særleg merka seg at Teknikk, eigedom og brann har eit stort meirforbruk. Det er gjort greie for avvika i rådmannen sin årsrapport. Einingane sine driftsrammer har i løpet av 2017 samla blitt vedteke auka med 23,9 mill. kroner. Rekneskapen viser til dømes at eininga Institusjon og buteneste har brukt 8,5 mill. meir enn opphavleg budsjett. Målet om å redusere kostnadsnivået med 8 % i løpet av 3 år, kan difor synast utfordrande å nå.

Etter revisjonen si meining er årsrekneskapen, med unntak av verknaden av forholdet som er beskrive i revisjonsnes melding under avsnittet «Grunnlag for konklusjon med forbehold»,

avlagd i samsvar med lov og forskrifter. Årsrekneskapen gir i det alt vesentlege ein dekkande framstilling av den finansielle stilling per 31.12.2017, og av resultatet for rekneskapsåret.

Kontrollutvalet ser alvorleg på forholdet revisjonen har avdekka. Ut vil følgje opp at rådmannen set i verk tiltak for å sikre naudsynt kvalitetsikring av informasjon frå einingane, slik at ein unngår forhold som tidlegare beskrive.
Utvalet vil også oppmode om at eininga Innvandring og integrering, blir beskrive på ein meir utfyllande måte i årsrapport og tertialrapportar, med oversikt over kva ramme eininga rår over det einskilde år, og bruk av ramme.

Etter utvalet sin gjennomgang av årsmelding 2017 med rekneskap og revisor sin uttale, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen, med unntak av forholdet som revisjonen tek atterhald om, gir eit forsvarleg uttrykk for resultatet av Aukra kommune si verksemd og for kommunen sin økonomiske stilling pr. 31.12.2017.

Kontrollutvalet rår til at kommunestyret godkjenner årsrekneskapen for Aukra kommune for 2017.

**Bakgrunn for saka**

Etter lov om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova.) § 77 nr. 4 skal kontrollutvalet

**"påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte."**

Med heimel i lovreglane har Kommunaldepartementet gitt forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner (kontrollutvalgsforskrifta) kor kontrollutvalet sine oppgåver i samband med rekneskapsrevisjon kjem fram av kapittel 4.

Det følgjer av forskrifta sin § 7 at kontrollutvalet skal gje fråsegn om årsrekneskapen før det vert vedteke av kommunestyret. Fråsegna vert gjeve til kommunestyret med kopi til formannskapet. Fråsegna følgjer formannskapet si handsaming og tilråding om årsrekneskap til kommunestyret.

Vedlagt følgjer:
- Revisjonsmelding, datert 30. april 2018

**VURDERING**

Grunnlaget for handsaminga av saka er kommunen sin årsrapport 2017 inkludert årsrekneskap og revisjonsmelding med atterhald datert 30. april 2018.
Revisjonen skreiv også ei revisjonsmelding 12.4.2018 om at rådmannen ikkje hadde lagt fram ei fullstendig årsmelding innan fristen 31.3.2018.

Revisjonsmeldinga er avlagt etter fristen 15.4, som skuldast at rådmannen har avlagt årsmelding etter fristen, sjukdom hos revisjonen og at rådmannen har brukt tid på gje revisjonen avklaringar og dokumentasjon.
Det er viktig at rådmannen etablere rutinar som gjer at årsrekneskap og årsmelding kan avleggsast innan fristane, slik at revisjonen får tid til å gjere sitt arbeid.

Aukra kommune sitt driftsrekneskap for 2017 viser kr 276 735 000,- til fordeling til drift, og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 2 467 000.-. Etter revisjonen si vurdering burde det vore gjort ein reduksjon med kr 3 448 013.- på grunn av endeleg avslag på tilskot frå IMDI (Integrerings og mangfolds direktoratet) og kr 2 234 562.- grunna manglande dokumentasjon

av innvilga tilskot. Dette ville medført at ein ville gått frå eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 2 467 493.- til eit meirforbruk på kr 3 215 365.-.
Netto driftsresultat er positivt med kr 120 941 000.-. Med endringa beskrive over, så ville netto driftsresultat blitt kr 115 258 403.-. Dette er 6 mill. kroner mindre enn regulert budsjett for 2017 og 27,7 mill. kroner lågare enn netto driftsresultat for 2016.

Rådmannen skriv i årsrapporten at eit større mindreforbruk en avvik i netto driftsresultat mellom rekneskap og vedteke budsjett, skuldast netto auka bruk av fond hos einingane /avdelingane. Vidare skriv rådmannen at sum driftsinntekter i 2017 er 10,6 mill. kroner høgare enn budsjettert.

Nokre nøkkeltal

*Tala er frå foreløpige KOSTRA-tal, og ikkje korrigert for feilen som revisjonen har avdekka.

| **Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter** | 2017* | 2016 | 2015 | Fylkesmannen sitt måltal |
|---|---|---|---|---|
| Aukra kommune | 21,4 | 26,8 | 17,7 | 1,75 |

Dette viser andelen av driftsinntektene som ikkje er brukt i drifta. Tala viser at kommunen ligg godt over fylkesmannen sitt måltal på 1,75%

| **Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter** | 2017* | 2016 | 2015 | Fylkesmannen sitt måltal |
|---|---|---|---|---|
| Aukra kommune | 72,8 | 67,4 | 47,5 | Minimum 4 % |

Kommunen treng eit disposisjonsfond av ein viss størrelse for å møte uføresette utgifter og svikt i dei frie inntektene. Tala viser at Aukra kommune ligg langt over fylkesmannen sitt måltal.

| **Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter for kommunekonsern** | 2017* | 2016* | 2015 | Fylkesmannen sitt måltal |
|---|---|---|---|---|
| Aukra kommune | 75,7 | 64,6 | 67,1 | 50 % |

Dette nøkkeltalet seier noko om kommunen si fordeling mellom gjeld og eigenkapital. Lånegjelda til Aukra er høgare enn fylkesmannen sitt måltal. For å kunne takle ei auke i lånerente er det viktig at kommunen har ein god margin å gå på i netto driftsresultat og også ein buffer i eit disposisjonsfond. I så måte er Aukra godt stilt.

Nokre einingar har hatt mindreforbruk, og nokre einingar har hatt utfordringar med å halde budsjettet i 2017. Teknikk, eigedom og brann har eit stort meirforbruk. Einingane sine driftsrammer har i løpet av 2017 samla blitt vedteke auka med 23,9 mill. kroner. Rekneskapen viser til dømes at eininga Institusjon og buteneste har brukt 8,5 mill. meir enn opphavleg budsjett. Målet om å redusere kostnadsnivået med 8 % i løpet av 3 år, kan difor synast utfordrande å nå. Det er gjort greie for avvika i rådmannen sin årsrapport.

Eining Innvandring og integrering
I denne eininga er drifta finansiert gjennom statlege tilskot eller gjennom bruk av fond. Det er difor budsjettert med kr 0.- for denne eininga. Det er ut frå det som kjem fram av rekneskapen eller årsrapporten ikkje råd å vite korleis driftsbudsjett eller rekneskapen til eininga har vore. Sekretariatet har fått opplyst frå økonomisjefen at meirforbruk før auka bruk av fond er på kr. 2.418.110.-.
I budsjett for 2017 er det under rammefastsetting opplyst at drifta vert finansiert gjennom statlege tilskot og bruk av fond. Dette er ikkje gjennomført i vedtaksordlyden i saka, opplyser økonomisjefen.

Økonomisjefen har i e-post til revisjonen 23.3.2018 opplyst at mykje av avvika skriv seg frå bruken av rådmannen sitt omstillings- og utviklingsfond. Her har ein basert seg på eit vedtak som vart fatta for budsjett og økonomiplan 2014 – 2017, der rådmannen er delegert mynde til å disponere dette.
Sekretariatet vurderer at rekneskapen og årsrapporten gjev svært lite informasjon om drifta i denne eininga. Det kunne for denne eininga difor vore opplysande også å tatt med bruttotal. Det er ut frå det som kjem fram av rekneskapen eller årsrapporten ikkje råd å vite korleis driftsbudsjettet til eininga har vore. Det står i årsrapporten at dei har hatt eit vesentleg meirforbruk. Slik det går fram av rådmannen sin årsrapport, så viser rekneskapen -21 000.-. Så lenge ein ikkje veit kva budsjett eininga har hatt, så er det vanskeleg å vurdere om dette er vesentleg eller ikkje.

Sekretariatet meiner det er viktig for kontrollutvalet framover å følgje opp at det vert etablert internkontrollrutinar i einingane som hindrar at det oppstår situasjonar der ein ikkje sender inn dokumentasjon som skal gje grunnlag for tilskot, og at ein er kjent med lovverket. Vidare må utvalet følgje opp at økonomiavdelinga har internkontrollrutinar som gjer at slike ting vert avdekka og retta opp i rekneskapen, før den vert avlagd.

Sekretariatet ha også merka seg at Aukra kommune i 2017 har tapt 612 385.- i refusjon av momskompensasjon, grunna overskriding av frist for å fremje krav. Det er viktig at det er gode internkontrollrutiner for å hindre dette.

Tidlegare år har kontrollutvalet, saman med revisjonsmeldinga, motteke eit brev der revisjonen har kome med kommentarar til rekneskapen som ikkje kjem fram av revisjonsmeldinga. Grunna kapasitetsutfordringar hos revisjonen mottar ikkje kontrollutvalet eit slikt brev, men oppdragsansvarleg revisor vil i møte presentere informasjonen. Revisjonen har opplyst at det vil bli skrive nummerert brev til kommunen om atterhaldet og manglande rettidig avlegging av årsmeldinga.

Sekretariatet meiner det i år er fleire forhold som bør omtalast spesielt i kontrollutvalet si fråsegn, desse kjem fram i utkast til uttale. Dersom gjennomgangen i møtet bringer fram nye opplysningar, kan det gjerast endring i fråsegna.

Kommunen sin Årsrapport 2017 er sendt utvalet som eige elektronisk vedlegg, i tillegg skal utvalet ha fått trykt utgåve av årsrapporten i posten.

Jane Anita Aspen
daglig leder

Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal
Kommunenr: 1547
Dato: 30 APR 2018
Saks og 1547 Løpenr: 198/18
Arkivkode: 210 Gradering:

MRR
Møre og Romsdal Revisjon IKS

Til kommunestyret i Aukra kommune

Kopi:
Kontrollutvalget
Formannskapet
Rådmann

**UAVHENGIG REVISORS BERETNING**

**Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet**

Konklusjon med forbehold
Vi har revidert Aukra kommunes årsregnskap som viser 276 735 000 til fordeling drift og et regnskapsmessig mindre forbruk på kr 2 467 493. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2017, driftsregnskap, investeringsregnskap og økonomiske oversikter for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening er det medfølgende årsregnskapet, med unntak av virkningen av forholdet som er omtalt i avsnittet «Grunnlag for konklusjonen med forbehold», avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlige en dekkende fremstilling av den finansielle stillingen til Aukra kommune per 31. desember 2017, og av resultatet for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen med forbehold
Etter vår mening er avsetningen for påløpte tilskudd fra IMDi Integrering og mangfolds direktoratet vesentlig lavere enn den regnskapsførte verdien i det fremlagte årsregnskapet. Etter vår mening burde det vært foretatt en reduksjon med kr 3 448 013 på grunn av endelig avslag på tilskudd og kr 2 234 562 på grunn av manglende dokumentasjon av innvilgelse av tilskudd. Dersom reduksjonen hadde blitt gjennomført, ville netto driftsresultat blitt kr 115 258 403. Dette ville også medført at driftsregnskapet ville gått fra et mindreforbruk på kr. 2 467 493 til et merforbruk på kr 3 215 365.

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet. Vi er uavhengige av selskapet slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon med forbehold.

*Øvrig informasjon*
Administrasjonssjefen er ansvarlig for øvrig informasjon. Øvrig informasjon består av informasjon i kommunens årsrapport, men inkluderer ikke årsregnskapet og revisjonsberetningen.

Vår uttalelse om revisjonen av årsregnskapet dekker ikke øvrig informasjon, og vi attesterer ikke den øvrige informasjonen.
I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese øvrig informasjon med det formål å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom øvrig informasjon og årsregnskapet, kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen, eller hvorvidt den tilsynelatende inneholder vesentlig feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den øvrige informasjonen

inneholder vesentlig feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

*Administrasjonssjefens ansvar for årsregnskapet*
Administrasjonssjefen er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir en dekkende fremstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal regnskapsskikk i Norge. Administrasjonssjefen er også ansvarlig for slik intern kontroll han finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

*Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet*
Vårt mål med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.
Se http://www.nkrf.no/revisjonsberetninger for nærmere beskrivelse av revisors oppgave og plikter.

Vi kommuniserer med kontrollutvalget og administrasjonssjefen blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og til hvilken tid revisjonsarbeidet skal utføres. Vi utveksler også informasjon om forhold av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, herunder om eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen.

**Uttalelse om øvrige lovmessige krav**

*Konklusjon om budsjett*
Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at de disposisjoner som ligger til grunn for årsregnskapet i det alt vesentlige er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpene i årsregnskapet stemmer med regulert budsjett.

*Konklusjon om årsberetningen*
Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet er konsistente med årsregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

*Konklusjon om registrering og dokumentasjon*
Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av kommunens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

*Andre forhold*
Denne beretning erstatter tidligere avgitt beretning, datert 12. april 2018, som ble avgitt ved utløpet av forskriftens frist for å avlegge revisjonsberetning. Fullstendig årsberetning var på dette tidspunkt ikke avgitt av administrasjonssjefen

Molde, 30. april 2018
**Møre og Romsdal Revisjon IKS**

Veslemøy E. Ellinggard
*fungerende oppdragsansvarlig revisor*

**AUKRA KOMMUNE**
**Kontrollutvalet**

| | |
|---|---|
| Saksmappe: | 2018-1547/03 |
| Arkiv: | 033 |
| Saksbehandlar: | Jane Anita Aspen |
| Dato: | 2.5.2018 |

# Saksframlegg

| Utvalssaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| PS 17/18 | Kontrollutvalet | 8.5.2018 |

## OPPFØLGINGSLISTE

**Sekretariatet si tilråding**

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

**Bakgrunn for saka**

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr.15.3.2018.

I dette møtet er det lagt opp til orienteringar frå kommunen sin administrasjon knytt til følgjande sak på oppfølgingslista.

- **Oppfølging av politiske vedtak**

## VURDERING

Dersom det er saker utvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan desse verte fremma i møtet for oppføring på oppfølgingslista.

Jane Anita Aspen
daglig leder

KONTROLLUTVALET I
AUKRA KOMMUNE

# *SAKSOPPFØLGING*

(à jour pr. 15.03.2018)

| Saker som er tatt opp: | Merknad: | Status: |
|---|---|---|
| 27.02.14<br>**Revidering av gjeldande økonomireglement i Aukra kommune**<br>Ansvar: Adm./sekr | Eit økonomireglement skal beskrive hovudreglane for den økonomiske styringa av kommunen si verksemd. Reglementet bør klargjere ansvaret mellom det politiske og det administrative nivået i kommunen og beskrive kommunen sine interne reglar og fullmakter.<br>Økonomireglementet bør innehalde kommunen sine vedtak om økonomiplan, budsjett, rapportering, rekneskap og årsrapport.<br>Økonomireglementet kan supplere delegerings-reglementet når det gjeld økonomisaker. Aukra kommune sitt økonomi-reglement er frå 2005 og vart revidert i desember 2009. Eit økonomireglement bør rullerast og oppdaterast jamleg. | **27.02.14**: Kontrollutvalet vil oppmode administrasjonen i kommunen om å revidere gjeldande økonomireglement slik at det er i samsvar med praksis.<br>**01.07.14**: Sekretæren skriv til kommunen og ber om at økonomireglementet vert revidert.<br>**02.10.14**: Økonomisjef Erna Varhaugvik orienterte. Økonomiavdeling har ikkje kapasitet i inneverande år å sette i gang arbeidet med revidering av gjeldande økonomireglement.<br>**23.04.15**: Kontrollutvalet vil be administrasjonen om ein statusrapport til neste møte.<br>**11.06.15**: Kontrollutvalet vil be administrasjonen om ein statusrapport til neste møte.<br>**18.09.15**: Rådmann orienterte. Bemanningssituasjonen i økonomiavdelinga har vore vanskeleg og avdelinga har av den grunn ikkje sett seg i stand til å prioritere dette arbeidet. Det er vurdert å kjøpe konsulenttenester for å fullføre arbeidet med revidering av økonomireglementet. Kontrollutvalet ser ikkje grunn for at kommunen skal få auka kostnadar ved kjøp av konsulenttenester og ber administrasjonen om å utsette dette arbeidet til bemanninga i avdelinga er tilfredstillande. Kontrollutvalet vil be administrasjonen om ein ny statusrapport til første møte i 2016.<br>**17.02.16**: Kontrollutvalet ønskjer i neste KU-møte å gjere ei gjennomgang av økonomireglementet, for å vurdere om dette er ei sak som kontrollutvalet framleis ønskjer å følgje opp.<br>**25.04.16**:Rådmann og økonomisjef svarte på spørsmål i dagens møte, jf. OS 08/16. Kontrollutvalet konkluderer med at dei har tillit til at økonomireglementet vert revidert, og at det er viktig at det gjeldande økonomireglementet vert fulgt.<br>**20.11.17:** Rådmannen har i sitt framlegg til budsjett og økonomiplan lagt inn at reglementet skal reviderast innan mars 2018. |

| | | |
|---|---|---|
| 25.02.15<br>**Oppfølging av politiske vedtak**<br>Ansvar: Adm. | Kontrollutvalet ønskjer å få framlagt oversikt over politiske vedtak som av ulike årsaker ikkje er vorte satt i verk innan rimeleg tid. Oversikta skal gjere greie for vedtak fatta av politiske utval med avgjerdsmynde. Hensikta med å få ei slik oppstilling er å sjå til at administrasjonen sett i verk og gjennomfører vedtak som er gjort. Kontrollutvalet har oppmoda om at ei slik oversikt vert lagt inn i tertialrapporteringa til kommunestyret, rådmannen har valt å ikkje følgje opp denne oppmodinga. | **25.02.15**: Sekretær vert beden om å skrive til rådmann og be om å få oversendt ei oversikt over politiske vedtak fatta i perioden 01.01.2010 – 31.12.2014 som av ulike årsaker ikkje er sett i verk.<br>**23.04.15**: Sekretæren har sendt brev til Aukra kommune 18.03.2015 og bedt om å få framlagt slik oversikt. Saka vil truleg komme opp i utvalet sitt neste møte.<br>**11.06.15**: Sekretæren har vore i dialog med politisk sekretariat i Aukra kommune vedr. arbeidet med å lage ei oversikt over politiske vedtak i perioden 2010 – 2014 som ikkje er sett i verk. Saka vil truleg komme opp i utvalet sitt første møte til hausten.<br>**18.09.15**: Oppfølging av politiske vedtak vart lagt fram som eigen sak i dagens møte, jfr. sak PS 30/15.<br>**09.06.16**: Kontrollutvalet ønskjer å få framlagt ei slik oversikt i kontrollutvalet sitt møte i september 2016.<br>**15.09.16**:Kontrollutvalet fekk framlagt oversikt i dagens møte, jf. Sak 27/16.Utvalet oppmodar om at oversikt vert lagt inn i perioderapporteringa til K-styret.<br>**03.05.17**: KU fatta i 2016 vedtak om å oppmode til at oppfølginga vert lagt inn i perioderapporteringa til kommunestyret. Sekretariatet har mottatt lister over vedtaksoppfølging frå adm., og har spurt om det betyr at oppmodinga ikkje blir følgt. Dersom oppfølging av vedtak ikkje vert lagt i perioderapportering, så får utvalet framlagt oversiktene i eiga sak i neste møte.<br>**14.06.17:** Kontrollutvalet behandla oppfølginga i dagens møte, jf. sak 19/17. Utvalet ønskjer i neste møte å få ei statusoppdatering på kvifor sakene ikkje er avslutta og kva som står att av arbeid knytt til dei sakene som ligg som restansar i 2016 og tidlegar.<br>**27.09.17:** Utvalsmedlemmene hadde før møtet fått ettersendt liste med statusoppdatering på kvifor sakene ikkje er avslutta og kva som står att av arbeid knytt til dei sakene som ligg som restansar i 2016 og tidlegare. Det var ikkje tid til å gjennomgå listene i møte.<br>**20.11.17:** Sekretær gjekk gjennom lista, som det ikkje var tid til å gjennomgå i førre møte. Utvalet har merka seg at rådmannen **ikkje har følgt** |

| | | |
|---|---|---|
| | | **oppmodinga frå kontrollutvalet om å legge status for oppfølging av politiske vedtak inn i tertialrapporteringa til kommunestyret som fast post.**<br>**15.02.18**: Kontrollutvalet hadde til dagens møte, jf. sak 06/18, fått framlagt liste over politiske vedtak som ikkje er sett i verk. Det er 3 saker knytt til Drift og arealutvalet som er naturleg ikkje er avslutta. Sak om skogrydding knytt til vedtak i kommunestyret i 2013 er ikkje sett i verk. Rådmannen vil følgje opp saka.<br>Når det gjeld oversikt over oppfølging av vedtak i tertialrapporteringa, så opplyser rådmannen at ho ikkje vil følgje oppmodinga om dette. Rådmannen vil sørgje for at det vert lagt fram sak om vedtak som ikkje er følgt opp i same møte som tertialrapportane.<br>**15.03.18**: Utvalet ønskjer i møte 3.5.18 svar frå rådmannen om korleis saka om skogrydding vert følgt opp. Det er også ønskjeleg at skogbruksfagleg kompetanse er tilstades i møte for å orientere og svare på spørsmål. |
| 14.06.17<br>**Arbeidsmiljøutvalet (AMU)**<br>Ansvar: Adm./sekr,/ | Kontrollutvalet har merka seg i Aukra kommune sin årsrapport for 2016 at AMU i 2016 ikkje hadde gjennomført møter. Etter arbeidsmiljølova skal kommunen ha eit slikt utval. Arbeidsmiljølova gjev reglar for kva type saker AMU skal behandle. På bakgrunn av dette ønskjer kontrollutvalet å følgje opp korleis arbeidet i arbeidsmiljøutvalet fungerer. | **14.06.17:** Kontrollutvalet hadde til dagens møte bedt om orientring om korleis arbeidstakar og arbeidsgjevarsida ser på bruk av AMU og kvifor det ikkje var avvikla møter i AMU i 2016, jf. OS 16/17. Kontrollutvalet ønskjer å få ei oppdatering i neste møte der også representantar frå dei tilsette i AMU deltar.<br>**27.09.17**:Ordførar, fung.rådmann, personalkonsulent og fire medlemmer frå AMU deltok i dagens møte, sjå OS 17/17. Utvalet ønskjer å fortsatt følgje med på AMU sitt arbeid og resultatet av arbeidsmiljøundersøkinga ved Aukraheimen.<br>**20.11.17**: Kontrollutvalet ønskjer i neste møte ei orientering om resultatet frå arbeidsmiljøundersøkinga ved Aukraheimen.<br>**15.02.18:** Rådmannen ønskjer ikkje at møteinnkallingar og protokollar frå AMU sine møter vert publisert på kommunen si heimeside, men kontrollutvalet vil få tilsendt møteinnkallingar og protokollar. |
| 14.06.17<br>**Barnevernstenester**<br><br>Ansvar: Adm./sekr | Barnevernstenesta er ei interkommunal teneste for Molde, Midsund, Aukra og Eide kommunar, med Molde kommune som vertskommune. Kontrollutvalet vart i møte 3.5.2017 gjort kjent med | **14.06.17:** Kontrollutvalet ønskjer i neste møte ei statusoppdatering når det gjeld fristbrot, info om bakgrunnen for den store kostnadsauken og status etter administrasjonen sitt avtalte møte med barnevernstenesta i Molde kommune.<br>**27.09.17:** Utvalet fekk ei statusopp- |

| | | |
|---|---|---|
| | foreløpige KOSTRA-tal 2016, som viser at Aukra kommune har mange fristbrot. Det har også dei andre kommunane som er med i barnevernssamarbeidet. Sidan dette er 2016-tal, ønskjer kontrollutvalet ei oppdatering frå administrasjon om situasjonen når det gjeld barnevern. Tertialrapport 1. tertial 2017 viser at behov for fleire barnevernstiltak fører til ei auke i utgifter på 3 742 000.- frå 4 038 000.- til 7 780000.-, dvs. nesten 100 % auke. | datering frå leiar i Barnevernstjenesten for Molde, Midsund, Aukra og Eide, jf. OS 19/17. |
| 15.02.18<br><br>**Grunnskoleområdet**<br><br>Ansvar: Adm./sekr | Kontrollutvalet fekk i 2016 framlagt tilsynsrapporten «Skolen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa, Aukra kommune – Gossen barne- og ungdomsskole» Tilsynet viste (3 avvik). Kontrollutvalet ønskjer årleg å få framlagt kommunen sin tilstandsrapport for grunnskoleområdet, for å følgje med på utvikling på området. | |
| 15.02.18<br><br>**Omstillingsprosessen i omsorgstenestene i Aukra kommune**<br><br>Ansvar: Adm./sekr | Fylkeslegen hadde i 2016 tilsyn og avdekt følgjande; Avvik 1: Aukra kommune sikrar ikkje at tilsette har nødvendig kunnskap om pasient- og brukerrettighetsloven kapittel 4A. Avvik 2: Aukra kommune sikrar ikkje at helsehjelp til pasientar i sjukeheim blir vurdert i tråd med reglane i pasient- og brukerrettighetsloven kapittel 4A. Tidlegare forvaltningsrevisjonsrapport «Kvalitet i sykehjemstjenster i Aukra kommune» avdekte også utfordringar med å sikre tilstrekkeleg bemanning og kompetanse ved Aukraheimen. I 2017 har det vore uro knytt til ny arbeidstidsordning ved Aukraheimen og i 2018 skal det nye omsorgssenteret takast i bruk. Utvalet ynskjer difor å følgje utviklinga. | **15.02.18:** Kontrollutvalet fekk orientering i dagens møte, jf. OS 01/18, knytt til arbeidsmiljøprosjektet ved Aukraheimen. |
| 15.02.18<br><br>**Informasjonssikkerheit** | Kontrollutvalet ønskjer å følgje temaet informasjonssikkerheit vidare, då dette generelt vert opplevd som eit risikoområde | **15.02.18:** Kontrollutvalet fekk i dagens møte orientering knytt til oppfølging av attståande arbeid med å implementere rutinar, inngåing av databrukaravtalar og |

| | | |
|---|---|---|
| Ansvar: Adm./sekr | med det fokus som er på digitalisering i kommunane. Kommunen har etter at forvaltningsrevisjonsprosjekt på området vart gjennomført i 2015 utarbeidd rutinar og retningslinjer, som kontrollutvalet ønskjer å følgje opp at vert implementert i heile organisasjonen. Kommunane står og føre store utfordringar med innføring av ny personvernforordning (GDPR), som vil tre i kraft frå 25.05.18 | avvikshandtering, jf. OS 02/18, |